

Saksbehandlar: Kristin Arnestad, Nærings- og kulturavdelinga
Sak nr.: 18/2064-8

Regionale utviklingsmidlar 2018 - fordeling 4

Fylkesdirektøren rår hovudutval for næring og kultur til å gjere slikt vedtak:

1. Mediefondet Zefyr AS får 210 000 kr. i driftsstøtte for 2019.
2. Vestnorsk Filmkommisjon får 300 000 kr. i driftsstøtte for 2019.
3. Vestnorsk filmsenter får 100 000 kr. i driftsstønad for 2019.
4. Framtidsfylket AS får eit tilskot på inntil 850 000 kr. til prosjektet Merkevara Framtidsfylket.

Det er ein føresetnad at arbeidet med å ta i bruk merkevara, til dømes kurs og kick-off vert nærare konkretisert og at det vert utarbeida ein plan for arbeidet.

Det vert føresett at filmane vert produsert på ein slik måte at dei ikkje berre kan nyttast i ein kort tidsperiode.

5. Framtidsfylket AS får kr. 250 000 til gjennomføring av fylkesdekkjande karrieremesser i Bergen, Oslo og Trondheim i 2019.
6. Det blir sett av 150 000 kr. til eit prosjekt for å få etablert skiguideutdanning og fagskule for Norske Tindevegledere.

Fylkesdirektøren frå fullmakt til å følgje opp saka, og gjere endeleg vedtak.

7. Det vert sett av 500 000 kr. for å vidareføre Forskingsprogram reiseliv ut programperioden.
8. Søknaden frå Gaular kommune om investeringstilskot til Fossesenteret i Gaular vert avslått.
9. HAFS-regionråd får 200 000 kr. til eit forprosjekt som skal vise korleis ein UNESCO Global Geopark kan realiserast i HAFS-regionen.

Vi føreset at prosjektet vert gjennomført i om lag i skissert omfang, og at resterande finansiering vert dekkja opp med midlar frå andre eller eigeninnsats.

Forprosjektet må vere tydeleg på rolleklaringar og oppgåver for dei ulike samarbeidspartane i prosjektet. Varig driftsfinansiering må avklarast.

Fylkesdirektøren eller den han peikar ut kan delta i styringsgruppa dersom ynskjeleg.

Tilskotet signaliserer ikkje noko vidare økonomisk deltaking frå fylkeskommunen, dette må takast stilling til på fritt grunnlag av nye Vestland fylkeskommune.

10. Søknaden frå Aksello om tilskot til inkubatorsatsinga for 2018 vert avslått, i og med at fylkeskommunen tidlegare har gjeve støtte for 2018.

Hovudutvalet ynskjer ikkje å ta stilling til søknaden for 2019 no, men handsame tildeling til begge inkubatormiljøa i fylket i ei felles sak på nyåret.

11. Aksello har tidlegare fått støtte til gjennomføring av første året av Program for vekst i etablert næringsliv – kysten av Sogn og Fjordane. Hovudutvalet avslår difor søknaden om ytterlegare finansiering.

Eventuell vidare støtte til fleire år av programmet må vurderast ut frå ny søknad med resultat frå første gjennomføring, samt i lys av ei vurdering av verkemiddelpolitikken framover.

12. Det blir sett av 400 000 kr. frå Marint Verdiskapingsfond til eit forprosjekt i regi av Lialaks AS på lukka anlegg i sjø.

Søkjjar må kome tilbake med ein forprosjektplan og budsjett som er tilpassa denne summen. Vi tek også atterhald om at søknaden må vurderast opp mot statsstøtteregelverket.

Fylkesdirektøren frå fullmakt til å følgje opp saka, og gjere endeleg vedtak.

13. Søknaden frå Kystskogbruket vert støtta med 375 000 kr og skal dekkje fylkeskommunen si deltaking i prosjektet ut prosjektperioden.

14. Tilskota vert finansiert slik:

- a. Tilskota til Mediefondet Zefyr, Vestnorsk Filmkommisjon og karrieremessene til Framtidsfylket vert dekkja av driftsmidlar på næring og kultur sitt 2018-budsjett innan tenesteområde 7015 – nyskaping. Det vert også nytta ein mindre sum frå HNK til disposisjon.
- b. Tilskotet til Vestnorsk Filmsenter vert dekkja av HNK til disposisjon.
- c. Tilskotet til Merkevara Framtidsfylket vert dekkja med disponible midlar innan tenesteområde 7015 – nyskaping, og 7019 – andre næringsområde, på næring og kultur sitt 2018-budsjett.
- d. Tilskotet til Norges Høyfjellsskole vert dekkja med midlar sett av til reiselivssatsing innan tenesteområde 7012 – bransjeretta satsingar.
- e. Reservert sum til Lialaks vert dekkja av disponible midlar frå Marint Verdiskapingsfond.
- f. Tilskot til Kystskogbruket og forprosjekt for UNESCO Geopark vert dekkja av midlar omdisponert frå tenesteområde 7018-kunnskap på næring og kultur sitt 2018-budsjett.
- g. Tilskotet til Forskingsprogram reiseliv vert dekkja med restmidlar innan sektoren, frå utviklingsfond for næring.
- h. Fylkesdirektøren får fullmakt til å gjere tilpassing og finne konkret finansiering innanfor desse rammene.

15. Fylkesdirektøren set nærare vilkår i tilskotsbrev

16. Restmidlar frå INU-ordninga vert disponert slik:

- Reiseliv 250 000 kr.
- Oppfølging av tilskot 200 000 kr.
- Tettstadutvikling 1 510 917 kr.

Fylkesrådmannen får fullmakt til å tildele midlar til tettstadutvikling. Tettstadmidlane skal gå til prosjekt i kommunane Flora, Sogndal og Førde og tildelast etter søknad. Fylkesrådmannen får også fullmakt til å disponere 250 000 kr. til reiselivssatsing, samt 200 000 kr. til oppfølging av tilskot.

17. Fylkesrådmannen får fullmakt til å disponere resterande driftsmidlar på næring og kultur sitt budsjett for 2018.

Vedlegg:

Mediefondet Zefyr

1a. Søknad - Vidareføring av samarbeidet med Mediefondet Zefyr AS for 2019

Vestnorsk Filmkommisjon

2a. Søknad – Vestnorsk Filmkommisjon 2019

Vestnorsk Filmsenter

3a. Søknad om driftsstøtte for 2019 til Vestnorsk Filmsenter

3b. Budsjett 2019 Vestnorsk Filmsenter

Merkevara Framtidsfylket

4a. Søknad Merkevara Framtidsfylket

4b. Kreativt konsept Merkevara Framtidsfylket

Framtidsfylke karrieremesser 2019

5.a Søknad Framtidsfylket karrieremesser 2019

Skiguideutdanning og fagskule for Norske Tindevegledere

6a. Søknad etablering av skiguideutdanning og fagskule for Norske Tindevegledere

Fossesenteret i Gaular

7a. Søknad om investeringstilskot til Fossesenteret i Gular

7b. Forprosjekt Fossesenteret, revidert mars 2018

7c. Forprosjekt Fossesenteret, vedlegg, teikningar m.m.

Forprosjekt for UNESCO Global Geopark i HAFS-regionen

8a. Søknad UNESCO Global Geopark i HAFS-regionen

8b. Budsjett UNESCO Global Geopark i HAFS-regionen

Inkubatortilbod 2018-2019 Aksello

9a. Søknad inkubatortilbod 2018-2019 Aksello

Program for vekst i etablert næringsliv – kysten av Sogn og Fjordane

10a. Søknad Program for vekst i etablert næringsliv – kysten av Sogn og Fjordane

10b. Prosjektplan Program for vekst i etablert næringsliv – kysten av Sogn og Fjordane

Tildeling av midlar i Marint Verdiskapingsfond 2018

11a. Søknad frå Lialaks AS om forprosjekt lukka anlegg i sjø

Oppfølging av Melding om kystskogbruket 2018-2021

12a. Søknad Oppfølging av Melding om kystskogbruket 2018-2021

Andre relevante dokument i saka:

www.verdiskapingsplanen.no

[Retningslinjer for verkemiddelbruk - næring](#)

[Forprosjektrapport UNESCO Global Geopark i HAFS-regionen](#)

[Utlysingstekst og vedtekter Marint Verdiskapingsfond](#)

Eventuelle vedlegg til søknader om ikkje er lagt ved

SAKSFRAMSTILLING

1. Samandrag

Saka gjeld tildelingar av midlar frå næring og kultur sitt budsjett i regional utvikling. I denne saka vert fylgjande saker handsama:

- Vidareføring av samarbeidet med Mediefondet Zefyr AS for 2019
- Søknad om støtte til Vestnorsk Filmkommissjon for 2019
- Søknad om støtte til Vestnorsk Filmsenter for 2019
- Kreativt konsept for å styrke Merkevara Framtidsfylket
- Fylkesdekkande karrieremesser i regi av Framtidsfylket i 2019
- Etablering av skiguideutdanning og fagskule for Norske Tindevogledere
- Forskingsprogram reiseliv
- Søknad om investeringstilskot til Fossesenteret i Gaular
- Forprosjekt for UNESCO Global Geopark i HAFS-regionen
- Inkubatortilbod 2018-2019 Aksello
- Program for vekst i etablert næringsliv – kysten av Sogn og Fjordane
- Tildeling av midlar i Marint Verdskapsfond 2018
- Oppfølging av Melding om kystskogbruket 2018-2021
- Finansiering av løyvingane i denne saka
- Disponering restmidlar INU
- Fullmakt på restmidlar

2. Vidareføring av samarbeidet med Mediefondet Zefyr i 2019

(Sakshandsamar: Ingvild Andersen)

2.1 Bakgrunn

Mediefondet Zefyr AS (Zefyr) søker om 210 000 kr. i driftsstøtte for 2019.

Sogn og Fjordane fylkeskommune har tidlegare gitt slik driftsstøtte til filmselskap i fylket (tall i hele tusen):

År 20-	-09	-10	-11	-12	-13	-14	-15	-16	-17
Vestnorsk filmsenter	300	300	300	300	300	300	100	100	100
Vestnorsk filmkommissjon	300	300	300	300	300	300	200	300	300
Mediefondet Zefyr AS				200	200	200	100	200	205
SUM	600	600	600	800	800	800	400	600	505

2.2 Nærare omtale

Zefyr er det samla filmfondet for Vestlandet og Sørlandet. Selskapet finansierer audiovisuelle produksjonar, primært langfilm for kino, dokumentar- og fiksjonsseriar for TV samt dataspel og VR produksjonar, med det siktemål at produksjonane skal bidra til å styrke regionen sitt audiovisuelle produksjonsmiljø.

Konkrete tiltak i Sogn og Fjordane vil vere:

- Pådrivar for å løfte film-, tv- og dataspelbransjen
- Fleire filminnspelingar og meir regional omsetning
- Lokale produksjonsselskap får tilgang til Zefyr sine investeringsmidlar
- Rådgeving til oppdragsgivar om aktuelle prosjekt og filmpolitiske spørsmål

Dei siste åra har filmfondet fått eit statstilskot på mellom 9,25-9,98 mill. kr. Kravet frå Kulturdepartementet (KUD) og Norsk Film Institutt (NFI) er at filmfondet investerer tilsvarande beløp. Normalt investerer Zefyr godt over det beløpet.

Midlar frå filmfondet skal gå uavkorta til prosjekt. Eit veksande fond har tiltrekt seg fleire førespurnadar. For å sikre ein forsvarleg forvaltning av midlane har driftskostandane auka. Midlar frå filmfondet blir også gitt som reine tilskot, der dei tidlegare blei gitt som «mjuke lån». Det betyr at filmfondet sine provisjonsinntekter har vorte og vil bli lågare dei komande åra. Av desse grunnane er det behov for å sikre, og moderat auke, driftsinntektene i selskapet gjennom tilskot frå eigarar og samarbeidspartnarar.

Kostnadsplan

Tittel	2019	Sum
Andre kostnader	2 150 000	2 150 000
Lønn- og personalkostnader	3 494 000	3 494 000
Sum kostnad	5 644 000	5 644 000

Finansieringsplan

Tittel	2019	Sum
Tilskot Vest- og Aust Agder, Arendal og Kristiansand	662 000	662 000
Provisjonsinntekter og anna driftsrelatert inntekt	300 000	300 000
Tilskot frå Rogaland fylkeskommune	1 822 000	1 822 000
Tilskot frå Telemark fylkeskommune	294 000	294 000
Tilskot frå Bergen kommune	1 056 000	1 056 000
Tilskot frå Hordaland fylkeskommune	800 000	800 000
Møre og Romsdal fylkeskommune	500 000	500 000
Tilskot til nærings- og samfunnsutvikling	210 000	210 000
Sum finansiering	5 644 000	5 644 000

Finansieringsplanen synes at Rogaland fylkeskommune og Bergen kommune gir dei høgaste bidraga. Desse to er hovudaksjonærar i selskapet, og eig 56,53% (Bergen kommune) og 43,47% (Rogaland fylkeskommune) kvar.

Frå fylkeskommunen i Sogn og Fjordane er søkt same beløp som i fjor, med justering for prisvekst på 2,5%.

2.3 Vurderingar og konsekvensar

Produksjonar som TV-seriar, film, dokumentarar og liknande skapar direkte verdiar i form av handel, omsetnad og aktivitet på den fysiske staden. Sluttproduktet vert ein god ambassadør for staden. Dette kan bidra til å fremme kultur, natur og reisemål i fylket. Tidlegare produksjonar har vist at tal gjestedøgn aukar, samtidig som produksjonane legg igjen store summer. Zefyr sine eigne berekningar syner at for kvar krone Sogn og Fjordane fylkeskommune har tildelt fondet er det blitt lagt att om lag tretti kroner i regional omsetning.

Fylkessamarbeidet styrker posisjonen til Vestlandet i forhandlingar med norske og internasjonale produsentar som vurderer å flytte filmprosjekta sine hit. Som støttegivar til filmfondet aukar sjansen for nye innspelningar i Sogn og Fjordane og fylket vil framleis ha tilgang til filmkompetanse.

Det er også eit poeng at størrelsen på overføringa frå KUD er avhengig av eit vesentleg bidrag frå fylka som er ein del av fondet.

2.4 Konklusjon

Fylkesdirektøren rår hovudutvalet for næring og kultur til å støtte Mediefondet Zefyr AS med 210 000 kr. i driftsstøtte for 2019.

3. Søknad om støtte til Vestnorsk filmkommisjon for 2019

(Sakshandsamar: Ingvild Andersen)

3.1 Bakgrunn for saka

Vestnorsk filmkommisjon (VNFK) jobbar for å auke tal filminnspelningar i Sogn og Fjordane, og bidra til at fylket får utbytte av den statlige insentivordninga for filmproduksjonar. VNFK søker om 300 000 kr i støtte til dette arbeidet i 2019.

Sogn og Fjordane fylkeskommune har tidlegare gitt slik driftsstøtte til filmselskap i fylket (tall i hele tusen):

År 20-	-09	-10	-11	-12	-13	-14	-15	-16	-17
Vestnorsk filmsenter	300	300	300	300	300	300	100	100	100
Vestnorsk filmkommisjon	300	300	300	300	300	300	200	300	300
Mediefondet Zefyr AS				200	200	200	100	200	205
SUM	600	600	600	800	800	800	400	600	505

Vestnorsk filmsenter blitt støtta med midlar frå kulturseksjonen. Vestnorsk filmkommisjon og Mediefondet Zefyr blir støtta med midlar frå næringsseksjonen.

3.2 Nærare omtale

Filmkommisjonen har sidan 2009 vore lagt til Vestnorsk filmsenter som ei uavhengig finansiert avdeling. VNFK har ein tilsett i full stilling, som hentar inn ekspertise frå det regionale filmmiljøet til etter behov.

Aktiviteten til VNFK blir dekkja av fylkeskommunale tilskot frå Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal. Dette gjer at VNFK ikkje er bunden av kommersielle aktørar og tilbyr gratis tenester.

VNFK tilbyr ei rekke gratis tenester for å syte for at fleire filmprosjekt, og andre audiovisuelle produksjonar, blir lagt til Sogn og Fjordane. Mellom anna tilbyr dei informasjon om norsk filmproduksjon- og finansieringsforhold, hjelpe til å arrangere synfaringar for produsentar, regissørar og andre, og dei tilbyr innleiande hjelp til budsjettering av moglege innspelningar i regionen. I tillegg marknadsfører VNFK regionen som ein attraktiv innspelingsstad og reisemål.

Filmkommisjonen skal gi vestnorsk filmbransje auka oppdragsmengde, kontinuitet og internasjonal benchmarking. Ønska effekt for Sogn og Fjordane er auka verdiskaping i filmbransje og kreative næringar, i tenesteytande sektor og besøksnæring, auka marknadsføring for reiselivet, og positivt omdømme som filmdestinasjon.

Kostnadsplan

Tittel	2018	2019	2020	2021	2022	SUM
Driftskostnader:		350 000				350 000
Personal		721 000				721 000
Prosjektkostnader:						
Befaring og markedsføring		338 000				338 000
Sum kostnad		1 409 000				1 409 000

Finansieringsplan

Tittel	2018	2019	2020	2021	2022	SUM
Bergen kommune	100 000					100 000
Hordaland fylkeskommune	588 000					588 000
Møre og Romsdal fylkeskommune	421 000					421 000
Tilskot til nærings- og samfunnsutvikling 2018	300 000					300 000
Sum finansiering	1 409 000					1 409 000

3.3 Vurdering og konsekvensar

Det er viktig for Sogn og Fjordane at det blir produsert og arbeidd med film i fylket. Det set oss på kartet, og kan vere med å marknadsføre regionen på ein god måte. Ferdige produksjonar gir auka merksemd mot Sogn og Fjordane. Film er ein viktig ambassadør for fylket samtidig som den skapar identitet og tilhøyrse.

Fylkessamarbeidet styrker posisjonen til Vestlandet i forhandlingar med norske og internasjonale produsentar som vurderer å flytte filmprosjekta sine hit. Som støttegivar til filmselskapa aukar sjansen for nye innspelningar i Sogn og Fjordane og fylket vil framleis ha tilgang til filmkompetanse.

VNFK kan vise til ein kumulativ vektst i internasjonal filmproduksjon i perioden 2009-2018. Filminnspelningar på Vestlandet viser kvart år fram regionen for mange millionar sjåarar over heile verda.

3.4 Konklusjon

Fylkesdirektøren rår hovudutvalet for næring og kultur til å støtte Vestnorsk filmkommisjon med 300 000 kr. i driftsstøtte for 2019.

4. Søknad om støtte til Vestnorsk Filmsenter for 2019

(Sakshandsamar: Sissel Lillebø Aarseth)

4.1 Bakgrunn

Vestnorsk filmsenter søker om 200 000 kr. i driftsstønad for 2019.

4.2 Nærare omtale

Vestnorsk filmsenter (VF) har stor aktivitet i 2018.

Under BIFF 2018 hadde kortfilmen «Noko Stort» med regi av Stian Hafstad premiere. Filmen har vore med i programmet Film:Lab, eit Talent Norge prosjekt, som også er støtta av Vestnorsk filmsenter. Det har vore ei auke i søknader frå fylket gjennom filmskaparar frå Sandane, Stongfjorden, Florø og Høyanger. Fleire av desse prosjekta er utviklingssøknader, som VF håper vil bli gode produksjonssøknader i løpet av 2019. Det har vore stor aktivitet i Jølster med innspeling av «Flammen over Jølster», filmen om Nicolai Astrup. Ein film med stort lokalt engasjement og økonomisk støtte. Produsenten er i sluttspurten med klippen og skal søkje filmen inn til filmfestivalen i Berlin. Vidare er en film om Oddvar Torsheim i produksjon, med plan om premiere seinare i haust.

Øystein Frøyland, regissør busett i Sandane, vann pitchetevlinga i Volda under Dok Film 2018, med prosjektet «Drawing Iran».

Så alt i alt kan vi seie at filmaktiviteten i Sogn og Fjordane er aukande.

VF har igjen fått god kontakt med Firda vgs og arrangerer i oktober ein fagdag med filmskapar Hildegunn Wærness. I foredraget tek Wærness elevane med inn i regissøren sine arbeidsprosessar frå idé til ferdig film.

VF er ein del av staten og regionen sitt verkemiddelapparat for film og den profesjonelle bransjen. Dei gir tilskot til utvikling og produksjon av film, samt støtte til manusutvikling. Vidare vert det gitt støtte til kompetansehevande tiltak og talentutvikling, og tiltak retta mot born og unge.

Dei arbeider m.a. med

- Filmveksthus for ungdom, ein stad der ungdom får tilbod om å låne utstyr og lage film og der unge talentet møter profesjonell bransje.
- Doc Norway Market. Målet er auka kunnskap og auka sal, som dermed kan generere inntekter for filmskaparane og styrke dokumentarfilmbransjen. I år har dei arrangert møte med amerikansk bransje.
- Dokumentarkonventet har styrkt posisjonen sin og Vestnorsk filmsenter haustar lovord for gjennomføring av arrangementet. I 2019 feirar konventet 10 års jubileum.
- Vestlandstreffet tilbake i Sogn og Fjordane i 2019.
- Internasjonal satsing på filmfeltet. Norge skal være fokusland under Berlinale 2019. Dette vil være ein særskilt viktig moglegheit for Vestnorsk filmsenter for å synleggjøre regionen.

Til saman disponerer VF 4 årsverk, i tillegg er det knytt eit årsverk til WNFC. Å byggje opp filmkompetanse i Sogn og Fjordane er eit langsiktig mål. Fylket får gjennom samarbeidet tilført kompetanse og tilgang på eit omfattande nettverk og system for kompetanseheving, samt tilgang på midlar.

VF er rådgjevande organ for fylkeskommunen på filmområdet.

Vestnorsk filmsenter har fått årleg driftsstønad på 100 000 kr i perioden 2015 – 2018. Før det fekk dei 300 000 kr. i året.

4.3 Vurdering

Fylkesdirektøren viser til Filmmelding for Vestlandet der dei fire fylkeskommunane – via Vestlandsrådet – har peika på ønskje om ein aktiv filmpolitikk. I Meld. St. 30 (2014 - 2015) – «En framtidsrettet filmpolitikk» trekkjer regjeringa, med tilslutning frå Stortinget opp filmpolitikken framover, der dei legg stor vekt på regionale satsingar. Tilrådingane i saka her er eit forsøk på å tilpasse oss både vår eiga filmmelding, men også den nasjonale filmpolitikken innan dei økonomiske rammer vi har.

Det er viktig for Sogn og Fjordane at det blir produsert og arbeidd med film i fylket. Det set oss på kartet, og kan vere med å marknadsføre regionen på ein god måte. Ferdige produksjonar gir auka merksemd mot Sogn og Fjordane. Film er ein viktig ambassadør for fylket samtidig som den skapar identitet og tilhøyrslø. Vestnorsk filmsenter sitt arbeid er med og støttar opp om kulturstrategien si satsing på profesjonell kunst og kultur i fylket. Dei støttar og legg til rette for kompetanseheving for filmskaparar i vestlandsfylka, også unge talent på veg opp og fram. Fylkesrådmannen vurderer at ein gjennom dialog med Vestnorsk filmsenter vil freiste å auke aktiviteten i fylket og på sikt auke tilskotet til Vestnorsk filmsenter.

I regional plan for kultur som no har vore på høyring vert det vist til at ein ønskjer å utvikle fylket som lokasjon for innspeling av film.

Fylkesdirektøren rår hovudutval næring og kultur til at Vestnorsk filmsenter vert løyvd driftstøtte i 2019 på same nivå som i 2018. Tilskotet vert dekkja med midlar frå hovudutvalet til disposisjon.

4.4 Konklusjon

Fylkesdirektøren rår til at Vestnorsk filmsenter får 100 000 kr. i driftsstønning for 2019.

5. Kreativt konsept for å styrke Merkevara Framtidsfylket

(Sakshandsamar: Kristin Arnestad)

5.1 Bakgrunn

Søknaden

Eit forprosjekt i regi av Framtidsfylket, og støtta av fylkeskommunen kartla kva assosiasjonar Sogn og Fjordane vekkjer i dag, og kva assosiasjonar vi ynskjer å vekkje i 2020 og framover. Undersøkinga viste at dei færraste kjenner det innovative og vekstkraftige næringslivet, og jobbmoglegheitene som finst i Sogn og Fjordane. Dette gapet mellom røynda og oppfatninga som folk har, ynskjer Framtidsfylket å gjere noko med i eit hovudprosjekt og søkjer om tilskot på 1 500 000 kr. til konseptet Merkevara Sogn og Fjordane.

Historikk

Framtidsfylket har fått mange tilskot gjennom åra, mellom anna til magasin, utvikling av portal og til karrieremesser.

- 2017: Tildelt tilskot på kr. 100 000 søknad «Eit grønt digitalt magasin»
- 2016: Tildelt tilskot på kr. 150 000 for produksjon av fyrste utgåve av magasinet #Utanfilter.
- 2015: Tildelt tilskot på kr. 150 000 søknad «Digitale forteljinger i Framtidsfylket»
- 2015: Tildelt tilskot på kr. 525 000 søknad «Bu i Sogn og Fjordane»
- 2014: Tildelt tilskot på kr. 150 000 til fornying av portal.
- 2012: Tildelt tilskot på kr. 215 000 til søknad «Profileringssmesse i Oslo og Bergen 2013»
- 2010 – til dags dato: Tildelt årlege tilskot til Framtidsfylket Karrieremesser i storleiksorden kr. 100 000 til kr. 300 000.

I HNK-sak 44/17, i juni 2017 fekk Framtidsfylket 300 000 kr. til gjennomføring av innsiktsfasen i Omdømeoprosjektet for Sogn og Fjordane. Søknaden som no er til handsaming bygger på denne innsiktsfasen.

Då hovudutvalet handsama budsjett 2019/økonomiplan 2020-2022 i sak 48/2018 i september hadde vi motteke eit førebels konsept, og det var varsla ein søknad i nær framtid. Merkevara Framtidsfylket var difor omtala i budsjettsaka, og hovudutvalet gjorde følgjande vedtak:

Hovudutvalet for næring og kultur stiller seg positive til eit omdømeoprosjekt for fylket, men saka må handsamast når vi får endeleg søknad. Eit tilskot som skissert vil vere utfordrande for sektoren å få til, og søknaden bør sjåast i samanheng med det totale budsjettarbeidet for fylkeskommunen.

Prosjektet er førebels ikkje løfta opp i budsjettprosessen.

5.2 Nærare omtale – Merkevara Framtidsfylket

Bakgrunn for søknaden

Søklar trekk fram at regionen vår har ei kritisk og særst tidsaktuell utfordring. Vi har for liten vekst i framtidsretta vekstnæringar, vi har tidvis utfordringar med å rekruttere kvalifisert arbeidskraft, omverda har for liten kjennskap til vårt næringsliv og bukvalitetar og vi har netto utflytting frå fylket.

Innsiktsfasen kartla kva assosiasjonar Sogn og Fjordane vekkjer i dag, og kva assosiasjonar vi ynskjer å vekkje i 2020 og framover. Undersøkinga viste at dei færraste kjenner det innovative og vekstkraftige næringslivet, og jobbmoglegheitene som finst i Sogn og Fjordane. Dette gapet mellom røynda og oppfatninga som folk har, ynskjer Framtidsfylket å gjere noko med i eit hovudprosjekt.

Måla er mellom anna å gjere fylket meir kjend for karriere, teknologi og berekraft, og gravlegge gamle stereotypiar. Dette skal gjerast ved å produsere historiar som blir distribuert gjennom film, tekst og trykk i ulike digitale flater, primært nasjonalt, men også internasjonalt.

Forprosjektet – innsiktsfasen

Både næringsliv og offentleg sektor har i lang tid etterlyst ei tydeleg merkevare. Kan Sogn og Fjordane bli kjend for karriere, teknologi og berekraft? Sjølv sagt i tillegg til dei naturgjevne ressursane våre som vi tek for gitt, men som er verdier resten av verda i framtida vil trakte etter.

Kan vi gravleggje gamle stereotypiar, og ta vår rettmessige posisjon som ein framtidsretta region? Kan Sogn og Fjordane bli synonymt med eit mekka for gründerskap og gode idear, der den digitale infrastrukturen opnar for uendelege mulegheiter?

Dette var spørsmåla som danna grunnlag for arbeidet i forprosjektet.

Forprosjektet er forankra i næringslivet, i Sogn og Fjordane fylkeskommune og leia av Framtidsfylket AS. I Styringsgruppa har ein hatt med seg representantar frå næringsliv, NHO Vestlandet og Sogn og Fjordane fylkeskommune.

I innsiktsfasen er det gjort eit arbeid med kvalitative og kvantitative undersøkelser, workshops og arbeid med konseptualisering av det kreative konseptet no blir presentert. Forprosjektet har hatt involvering både frå næring og offentlege aktørar. To ulike leiande kommunikasjonsbyrå har bistått i arbeidet.

Framtidsfylket gjennomførte i 2017 ein kvantitativ undersøkelse for å finne svar på kva omdømme Sogn og Fjordane har i dag. Nokon av funna:

- Arbeidsmiljø er den viktigaste faktoren for val av jobb (93,9 prosent) i Sogn og Fjordane, som vert assosiert med «gode og nære samfunn som bryr seg».
- Hovudgrunnen til at folk har valt å busette seg i fylket er at éin eller begge partnarar i forholdet er frå Sogn og Fjordane (77 prosent).
- Berre 12,8 prosent av innbyggjarane seier at dei vil trekke fram «god arbeidsmarknad» når de snakkar om Sogn og Fjordane til andre.
- Viktigheita av nærleik til restaurantar og uteliv (0,8 prosent) er langt ifrå den viktigaste årsaka til at folk har valt å bu i fylket.
- Flere seier at det er store avstandar i Sogn og Fjordane og at det i tillegg er få opne arenaer for kultur, idrett og sosialt samvær.
- På spørsmål om respondentane som bur i fylket har vurdert å flytte frå det, svarar halvparten at dei har det (49,4 prosent). Mangel på relevant og spennande arbeid (26,1 prosent) vert trekt fram som hovudårsak.
- Respondentane er generelt fornøgde med Sogn og Fjordane og vil anbefale andre å flytte dit (89,7 prosent).
- Når dei som ikkje bur i Sogn og Fjordane blir spurt om kva dei forbind med fylket, svarer nesten ni av ti (88,3 prosent) «vakre naturområde».
- Berre seks prosent forbind Sogn og Fjordane med «veksande næringsliv og spennande jobbmulegheiter».
- På påstanden om de meiner livsstilen i Sogn og Fjordane ikkje passer for dei, er det ein klar overvekt på dei som er ueinige i dette (81,4 prosent, heilt ueinig og litt ueinig slått saman.)
- 74,3% av dei utanfor fylket kan tenke seg å flytte til Sogn og Fjordane om dei får ein relevant jobb.

Prosjektskildding - konsept

Søklar skriv at ei tydelegare merkevare er heilt nødvendig for å posisjonere vår region inn mot fylkessamanslåinga i 2020. Vi må framstå meir samla og klarare i vår kommunikasjon av vårt næringsliv, kompetansmiljø og mangfald.

Grunnmuren i konseptet er det som kan motivere folk til å flytte og etablere seg her. Historiane dei skal fortelje skal handle om det dei færraste først og fremst tenkjer på når Sogn og Fjordane kjem opp: Pulserande næringsliv; fullt av dyktige fagfolk som skapar suksess. Innpakninga vil vere storslått natur.

Framtidsfylket vil lage 8 profesjonelle dokumentarar om folk som set spor etter seg i Framtidsfylket. Det skal brukast journalistiske og redaksjonelle verkemiddel for å fortelje interessante historier, om menneske som lever i tråd med misjonen.

Framtidsfylket vil vise gründerskap, karriere, kreativitet, originalitet, teknologi, berekraft - men også sjølvrealisering, natur og familieliv: Grundig research, gode spørsmål, personleg fokus, produsert i full TV-kvalitet.

I Framtidsfylket kan du sette spor etter deg, i både bokstaveleg og overført tyding: Du bur og jobbar i eit lite miljø, der det er enklare å differensiere seg. Samtidig har du kort veg til både turstiar og skiløyper – med høge toppar, store bølger og kvit puddersnø.

Søkjar skriv at dei i prosessen har hatt diskusjon rundt namn og valet landa på Framtidsfylket som merkevara. Grunnen er at namnet er ikkje geografisk avgrensa og vil stå seg i ein framtidig større region.

Framtidsfylket legg vekt på at lokal involvering og eigarskap til konseptet er avgjerande for spreieing av budskapet. Dette vil dei få til ved å involvere flest moglege i planlegginga av innhaldet i historiene. Det blir invitert til innspelskonkurranse frå næringslivet der dei 25/30 beste historiane blir trekt ut og implementert i historiefortellinga. Ein sekundæeffekt er at ein får breiare spreieing i media.

Kick-off og kurs

Lanseringa startar med eit Kick-off, der ein samlar innbyggjarar, bedrifter, gründarar og lokale aktørar. Fokuset her vil vere korleis ein saman kan gjere Sogn og Fjordane meir kjend som ein attraktiv stad å flytte til og etablere seg.

Framtidsfylket vil også invitere til kompetansejevande kurs for å lære verksemdene enkle og effektive grep for å vekke merksemd. Målgruppa for desse vil vere kommunikasjonsbyrå i fylket, kommunikasjons- og personaltilsette både i offentleg sektor, og i næringslivet.

Distribusjon og spreieing i media

Spreieing i media/distribusjon vil vere massiv i starten for så å gå over i ein ordinær fase sett opp mot naturlege variasjonar i sesong og kampanjer. Dette i forhold til t.d. rekrutteringsarrangement.

Distribusjon og konkret plan for spreieing i media er avhengig av val av løysing og innhald. Ein etablerer ei redaksjonsgruppe med medlemmer frå næringsliv, offentleg sektor, studiestadar, Framtidsfylket og kommunikasjonssekskapet for å sikre god prosess og måloppnåing.

Etter at ein har valt ut dei beste historiene og bestemt innhald blir desse klipt i ulike lengde, slik at dei kan tilpassast moderne medieplattformer som Google, YouTube, Instagram, Snapchat, videostreaming, VG nett.

I tillegg lagar ein 3-4 minutt lange versjonar som kan nyttast i ulike samanhengar der folk møtast og på Framtidsfylket sin YouTube-kanal. Youtube-kanalen til Framtidsfylket AS blir hovudkanal.

Filmane kan nyttast i sentrale møte, konferansar og annan direkte kommunikasjon med moglege gründarar og investorar. Både innbyggjarar og næringsliv vil då kunne gjere seg nytte av historiene til i ulike samanhengar. Alle vil kunne spre materialet i sine eigne mediekanalor og t.d. i samband med konferansar, seminar, kundebesøk, på karrieresenter.

Mål

Søkjar skriv:

«Sogn og Fjordane treng eit samlande konsept og engasjerande kommunikasjon som gir fylket ei tydeleg rolle, både i marknaden og i folk sine liv. Vi skal skape auka nysgjerrigheit og attraktivitet primært blant potensielle arbeidssøklarar, nasjonalt og internasjonalt, men også blant bedriftsetablerarar, gründarar, investorar, myndigheiter og turistar.

Ein viktig sekundær faktor vil være å skape stoltheit i eige fylke over skaperkraft, næringslivet, samfunnet og dei fantastiske omgjevelsane.

Det vi gjer er å produsere historier som blir distribuert via film, tekst og trykk i ulike digitale flater primært nasjonalt, men også internasjonalt. Målet er at dette skal nå ut viralt.»

Organisering

Framtidsfylket AS er den organisasjonen som i dag løftar fram karrieremoglegheitene på vegne av

næringsliv og offentlig sektor i Sogn og Fjordane. Dei er prosjekteigar og dagleg leiar er prosjektleiar.

Sogn og Fjordane Næringsråd er ein viktig samarbeidspart for forankring og gjennomføring med å bygge ei sterkare merkevare.

Det blir etablert ei redaksjonsgruppe sett saman av representantar frå lokalt næringsliv og offentlig sektor, studentsorganisasjonar og kommunikasjonsbyrå.

Målgrupper

Det er fleire målgrupper:

1. Unge under utdanning.
2. Ferdig utdanna
3. Etablerarar - både bedrifter, entreprenørar og dei som ønskjer etablere familie
4. Innbyggjarar og næringsliv i regionen

Primært ynskjer prosjektet å nå potensielle tilflyttarar nasjonalt og globalt. Med særleg vekt på dei som er nyutdanna, opptatt av å få seg relevante jobbar, men også eit godt fritidstilbod. Sekundært svil dei bygge lokal patriotisme for innbyggjarar og næringsliv i Sogn og Fjordane.

Resultat og effektar

Resultata frå prosjektet skal vere desse:

1. Ein samla kommunikasjonsstrategi
2. Nå ut med budskapet om at: *I Framtidsfylket kan du dyrke karriere, fritid og familieliv.*
3. Merkevara er etablert sanning

Effekten skal vere:

- auka etablering og tilflytting til regionen
- auka kunnskap om næringslivet i Sogn og Fjordane
- betre kvalifiserte søkarar til jobbane

Framtidsfylket vil skape positive ringverknader som også blir lagt merke til av andre aktørar som er viktige for vår framtidige vekst. Dei skriv også at det er viktig at ein jamnleg måler om merkevarebygging har effekt. Det er fleire tiltak som påverkar tilflytting, men samla så bør vi oppnå auka kjennskap til mulegheitene i region Sogn og Fjordane. Det vil vere viktig å evaluere programmet etter ein treårsperiode, for å justere kurs og ev justere konseptet.

Tidsplan

Oppstart vil skje etter at prosjektet er grunnfinansiert. Filmproduksjon på Vestlandet er veravhengig, så ein kan ikkje vente å ha ferdigprodusert materiale før ut på vår/førsommar 2019.

Ein vil nytte 1 mnd til historieinnhenting og redaksjonelt arbeid før ein kan gå igang med produksjon.

Sjølve filmperioden vil vere totalt 5-6 veker. Litt avhengig av verforholda på Vestlandet.

Budsjett- og finansieringsplan

Kostnadsplan

Tittel	2018	2019	2020	2021	2022	SUM
Administrasjon	300 000					300 000
Distribusjon/mediespend	900 000					900 000
Kickoff/ kurs	300 000					300 000
Produksjon 8 episoder	1 500 000					1 500 000
Sum kostnad	3 000 000					3 000 000

Finansieringsplan

Tittel	2018	2019	2020	2021	2022	SUM
Framtidsfylket AS	300 000					300 000
Privat finansiering	400 000					400 000
Sogn og Fjordane fylkeskommune	1 500 000					1 500 000
Sparebanken Vest	400 000					400 000
Sparebankstiftinga SoFk	400 000					400 000
Sum finansiering	3 000 000					3 000 000

5.3 Vurdering

Framtidsfylket har ei brei portefølje av tiltak som alle siktar mot å gjere fylket meir attraktivt for arbeidstakarar og bedrifter. Dersom det skal gjerast eit omdøme prosjekt for fylket meiner vi Framtidsfylket er rette aktøren.

Det er vanskeleg å seie nøyaktig kor stor effekt eit slik prosjekt vil ha. Men vi trur at det er trong for å gjere noko med målgruppene si oppfatning av fylket. Å betre omdømmet til fylke er eit viktig arbeid som vil kunne bidra positivt til å nå verdiskapingsplanen sine mål om å få til fleire arbeidsplassar. Eit slikt arbeid vil kunne vere med på å gjere regionen meir synleg for både bedrifter og arbeidstakarar.

Det er eit kostnadskrevjande prosjekt, med eit totalbudsjett på 3 mill. kr., og ein søknadssum på 1,5 mill. kr. Som hovudutvalet har vedteke tidlegare vil eit tilskot som skissert vere utfordrande for sektoren å få til. Prosjektet er per no ikkje løfta opp i budsjettsamanheng. Fylkesdirektøren meiner det er viktig å få til eit meir samla marknadsarbeid, og er difor positiv til prosjektet – men søknadssummen er for høg til å tilrå heile det omsøkte tilskotet. Vi tek difor utgangspunkt i å støtte eit prosjekt som produserer 4 filmar. Ei halvering av filmar vil nok ikkje halvere kostnaden. Vi rår difor til å setje av inntil 850 000 kr. til Merkevara Sogn og Fjordane.

Fylkesdirektøren meiner det er avgjerande at det vert jobba målretta og godt etter produksjon av filmene. Framtidsfylket legg opp til kick-off og kurs, noko som ikkje er omfattande skildra i søknaden. Vi legg til grunna at arbeidet vert nærare konkretisert i samarbeid med redaksjonsgruppa som vert sett ned, samt at det vert utarbeida ein tidsplan for arbeidet. Det er også viktig at effekten av arbeidet vert kartlagt så godt som råd, så kan eventuelt arbeidet vidareførast eller utvidast på eit seinare tidspunkt.

Med fylkessamanslåing nært føreståande er det sjølvsagt også ein føresetnad at filmene blir produsert på ein slik måte at dei kan nyttast over ein viss tidsperiode. Vi tenkjer at det er greitt at Merkevara Framtidsfylket vert nytta også framover då det ikkje nødvendigvis treng knytast til Sogn og Fjordane som fylke, så må ein heller sjå nærare på det samla rekrutteringsarbeidet til Vestland fylket på eit seinare tidspunkt.

5.4 Konklusjon

Framtidsfylket AS får inntil 850 000 kr. til Merkevara Framtidsfylket.

Det er ein føresetnad at arbeidet med kick-off og kurs vert nærare konkretisert og at det vert utarbeidd ein tidsplan for arbeidet.

Med fylkessamanslåing nært føreståande er det også ei føresetnad at filmene blir produsert på ein slik måte at dei kan nyttast over ein viss tidsperiode.

Fylkesdirektøren får fullmakt til å følgje opp vedtaket med presiseringar i tilskotsbrev.

6. Framtidsfylket karrieremesser 2019

(Sakshandsamar: Ingvild Andersen)

6.1 Bakgrunn

Framtidsfylket AS søkjer om 250 000 kr i støtte til gjennomføring av fylkesdekkjande karrieremesser i Bergen, Oslo og Trondheim i 2019.

Fylkeskommunen har tidlegare støtta messene slik:

2018: Bergen og Trondheim: kr 200 000
 2017: Bergen, Oslo og Trondheim: kr 200 000
 2016: Bergen, Oslo og Trondheim: Kr 200 000
 2015: Bergen, Oslo og Trondheim: Kr 200 000
 2014: Bergen, Oslo og Trondheim: Kr 225 000. Workshop knytt til messa i Bergen kr 17 350.
 2013: Bergen og Oslo: Kr 215 000. Sogndal: Kr 65 000
 2012: Bergen og Trondheim: Kr 115 000. Sogndal: Kr 65 000
 2011: Bergen, Oslo og Trondheim: Kr 150 000. Sogndal: Kr 75 000.
 2010: Bergen, Oslo og Trondheim: Kr 125 000.

6.2 Nærare omtale

Framtidsfylket har sidan 2007 organisert eigne fylkesdekkjande karrieremesser i studiebyane Bergen, Oslo og Trondheim. Responsen er bra og evalueringa tyder på at messene er innarbeidd som ein viktig møteplass for studentar, nyutdanna og næringslivet i Sogn og Fjordane. Messene er også eit viktig kontaktpunkt for potensielle nye trainear og bedriftene.

Konkrete resultat i høve omdømebygging for fylket er vanskeleg å måle, men at messene bidreg positivt til profilering av fylket er det ingen tvil om. Dei seinare åra har messene i Bergen og Trondheim vakse i storleik, medan messa i Oslo ikkje har vore like enkel å rekruttere publikum til. Evaluering etter messa i 2018 syner at Oslo er ein viktig plass å vere med tanke på rekruttering av trainear og unge i etableringsfasen. Difor legg Framtidsfylket på ny Oslo inn som destinasjon i 2019. Konseptet i Oslo blir retta mot unge i etableringsfasen fordi majoriteten av deltakarane i Oslo er mellom 25-30 år.

Messene 2019 byggjer på same lest som i fjor, med seminar, mingling på stand, underhaldning og servering. Etter messa blir det nettverking for bedriftene som har delteke på messa.

Samarbeidspartnarar er regionråda, fylkeskommunen/Driftig.no og næringsapparatet elles. For messa i Oslo er Sparebanken Sogn og Fjordane medarrangør. Dei dekkjer sine eigne utgifter til messa og er derfor ikkje å finne i kostnads- og finansieringsplanen. Driftig.no tek ansvar for å planlegge og gjennomføre gründertorg på messa, for å syne fram moglegheitene for å starte og vidareutvikle bedrift i Sogn og Fjordane.

Målet med karrieremessene er å auke tilflyttinga til Sogn og Fjordane ved å

1. Synleggjere karrieremoglegheitene i fylket
2. Skape stoltheit for dei som er frå fylket
3. Vise eit attraktivt bu- og arbeidsfylke

Resultatet ein ønskjer å sjå er

1. Tilsetting hos dei bedriftene som deltek
2. Større søkjarmasse til traineestillingane

3. Meir merksemd på moglegheitene i Sogn og Fjordane frå målgruppa på lang sikt

Kostnadsplan

Tittel	2018	SUM
Administrative utgifter	543 000	543 000
Marknadsføring	482 000	482 000
Bergen	570 000	570 000
Oslo	145 000	145 000
Trondheim	420 000	420 000
Sum kostnad	2 160 000	2 160 000

Finansieringsplan

Tittel	2016	SUM
Eigendel stands	1 670 000	1 670 000
Regionråda	240 000	240 000
Tilskot til nærings- og samfunnsutvikling 2018	250 000	250 000
Sum finansiering	2 160 000	2 160 000

6.3 Vurderingar og konsekvensar

Karrieremessene representerer etter kvart ei vel etablert satsing på rekruttering til Sogn og Fjordane. Dette er haldningsskapande arbeid som krev tolmod, profesjonalitet og kontinuitet. Framtidsfylket gjer ein god jobb med karrieremessene som har vorte ein viktig arena for nettverksbygging og ein inspirerande møtestad for næringsliv og potensielle arbeidstakarar. Framtidsfylket AS har dermed utvikla eit godt konsept, samtidig som dei fornyar seg i takt med målgruppa.

Framtidsfylket ser på fylkeskommunen som ein særdeles viktig støttespelar og meiner støtta har vore, og er, heilt naudsynt for suksess. Det er framleis viktig å påpeike at messene har vorte eit årleg tiltak, og burde såleis vere implementert i det ordinære driftsbudsjettet til Framtidsfylket.

Etter retningslinene for virkemiddelbruk skal ein i utgangspunktet ikkje gje støtte til eit prosjekt i meir enn 5 år. I nokre saker kan fylkeskommunen nytte eigne fylkeskommunale midlar til godt grunnjevne tiltak i form av drift. Messene til Framtidsfylket er ikkje å rekne som prosjekt lenger, men i denne saka finn vi det forsvarleg å gje støtte utover 5 år. Dette ut frå at messene er eit viktig tiltak som har verknad for rekruttering til og omdømebygging for heile Sogn og Fjordane.

Framtidsfylket søker om 250 000 kr. Dette er ei auke på 50 000 kr samanlikna med tidlegare år. Karrieremessene kan vise til aukande besøkstal og har vekse i omfang også for standhaldarar og andre bidrag. At kostnadene aukar tilsvarande er ikkje så unaturleg. I tillegg gjer Framtidsfylket ein pilot i Oslo i år, då dei har valt å leggje messa til ein laurdag formiddag for å treffe småbarnsfamiliar. Det kan bli litt krevjande å rekruttere bedrifter til dette arrangementet og difor har Framtidsfylket sett prisen noko ned for kjøp av stand. Dette må dei dekkje inn. På grunnlag av dette meiner vi det omsøkte beløpet ikkje er urimeleg.

6.4 Konklusjon

Fylkesdirektøren rår hovudutvalet for næring og kultur til å støtte Framtidsfylket AS med kr 250 000 til fylkesdekkjande karrieremesser i Bergen, Oslo og Trondheim 2019.

7. Søknad – midlar til etablering av skiguideutdanning og fagskule for Norske Tindevegledere

(Sakshandsamar: Ingeborg Lysne Mcevoy)

7.1 Bakgrunn for saka

Grunna auka etterspurnad frå marknaden og tilbakemeldingar om stor mangel på kvalifiserte guidar ynskjer NORTIND å etablere eit fagskulestudium lagt til Fagskulen i Sogn og Fjordane. Målet med prosjektet å utvikle eit eige fagskulestudium kalla «Norges Høgfjellskole». Fagskulestudiet vil utdanne tindevegleder som i dag vert utdanna av NORDTIND, i tillegg vil det bli oppretta ei eiga utdanning for skiguider. På sikt kan også andre guide utdanningar bli ein del av fagskuletilbodet.

Etterspurnad etter guidar med høg kompetanse er i sterk vekst, dette gjeld særleg for toppturar som krev ein høg, spesifikk kompetanse. Norsk Tindeveglederer (NORTIND) har sidan starten av 1978 arbeidd for tryggleik og kvalitet i norske fjell som ein frivillig organisasjon bygt på dugnad og interessefellesskap. Organisasjonen er eit yrkesforbund som kvalifiserer for yrket Tindevegleiar, eller fjellførar i Norge og resten av verda. NORTIND er medlem av det internasjonale fjellførarforbundet «Internasjonal Federation of Mountain Guides Associations». NORTIND utdannar guidar i eigen regi og fullført utdanning gjev internasjonal godkjenning og utstedt European Professional Card som berre tre andre yrkesgrupper i Europa får. Ein tindevegleiar har utvikla ekspertkunnskap innan klatring, brevandring, fjellskigåing, bratt skikøyring og skredvurdering. Tindevegleiarar arbeider som guidar i høgaltitert terreng i heile verda, for ulike nivå innan utdanningssektoren, i skredvarsling (NVE), i redningstenesta, med fjellmedisin og for forsvaret. Kvalifisering gjennom NORTIND gjev såleis høg kompetanse på internasjonalt nivå for arbeid med menneske i krevjande fjellnatur. I dag vert det uteksaminert mellom 6 og 8 nye Tindevegleiarar kvart år.

7.2 Litt om søknaden

Formålet med opprettinga av fagskulestudiet er å styrke kvaliteten på utdanninga, auke tal kvalifiserte tindevegleiarar og skiguider for å møte etterspurnaden frå reiselivet, og å redusere kostnaden for studenten. Lokalitet for studiet er ikkje fastsett. NORTIND har også søkt Buskerud fylkeskommune og Møre og Romsdal fylkeskommune om støtte og geografisk etablering er avhengig av kvar dei får støtte.

Sjølve etableringa av studiet vil gå i tre delar over tre år. Del 1 vil gå over hausten 2018 og inn i første kvartal i 2019. Her skal det gjerast avklaringar rundt kva som må til for å utvikle skiguideutdanninga og kva innhaldet i utdanninga skal vere. Det må også utviklast eit opptakssystem for studentane. Vidare må det utviklast ein fagplan som vert tilpassa krava til NOKUT for å søke om etablering av eit fagskulestudium over 2,5 år (tre vintersesongar). Det vil også bli utvikla og gjennomført eit seminar for lærarar som skal undervise i skiguideutdanninga.

I del to skal ein gjennomføre og evaluere ein pilot for kvalifisering av skiguider. Dette delprosjektet vil gå over 1,5 år med start i andre kvartal av 2019 og gå fram til sommaren 2021. Det vil bli årlege evalueringsmøter og det skal utarbeidast eit opplegg for kontinuerleg innhenting av erfaring og årleg evaluering. Erfaringane ein gjer med pilotkullet vil bli brukt til å vidareutvikle utdanninga. Studentane som blir tatt opp i 2019 betalar ein eigenandel for utdanninga. I 2018 er kostnaden for ein fulltids studieplass kr. 69 000.- pr. år. Det vil bli tatt opp årlege kull etter 2019 og desse vil betale skulepengar inntil fagskulestudiet er etablert.

I del tre skal søknad sendast til NOKUT og fagskuletilbodet skal etablerast. Det er ei rekke formelle krav som må innfriast og det må utarbeidast fagplanar og anna naudsynt dokumentasjon. I denne delen av prosjektet vil ein også utvikle eit vidareutdanningsopplegg for tindevegleiarar som skal virke som lærarar på skulen og gjennomføre eitt seminar for vidareutdanning i regi av prosjektet.

Kostnadsplan

Tittel	2018	2019	2020	2021	2022	SUM
Del1 Markedsføre skiguideutdanning	30 000	20 000				50 000
Del1 Utarbeide informasjonsmaterieill om skiguideut	12 000	6 000				18 000
Del1 Utvikle fagplaner skiguideutdanning	60 000	30 000				90 000
Del1 Utvikle opptak-ogevalueringssystem		30 000				30 000
Del2 Administrere pilot skiguideutd		41 538	83 076	37 384		161 998
Del2 Evaluere pilot		42 000	42 000	42 000		126 000
Del2 Lønn lærere pilot skiguideutdanning		138 462	276 923	124 616		540 001
Del2 Opptaksamling "pilot" skiguideutdanning		102 000				102 000
Del2 Reise- og opphold lærere		39 328	78 656	35 395		153 379
Del2 System for evaluering av utdanning		18 000				18 000
Del3 Deltagelse møter		30 000	15 000			45 000
Del3 Innarbeide tilbakemeldinger fra NOKUT			60 000			60 000
Del3 Reise og opphold		30 000	15 000			45 000
Del3 Rekruttering&kompetans eheving lærere		72 000	72 000	72 000		216 000
Del3 Søknad departement om studieplasser		30 000				30 000
Del3 Utarbeide fag- og emneplaner fagskolestudie		180 000				180 000
Del3 Utarbeide informasjon om fagskolestudium		12 000	30 000			42 000
Del3 Utarbeide rutiner for opptak fagskolestudie		30 000				30 000
Sum kostnad	102 000	851 328	672 655	311 395		1 937 378

Finansieringsplan

Tittel	2018	2019	2020	2021	2022	SUM
Del 1 Egenfinansiering timer	51 000	23 000				74 000
Del 1 Kontantfinansiering		20 000				20 000
Del 1 og 2 Egenfinansiering timer NCE Tourism		15 000	15 000	15 000		45 000
Del 2 Egenfinansiering timer		114 007	81 870	41 792		237 669
Del 2 inntekter studieavgift		88 895	177 790	80 005		346 690
Del 3 Egenfinansiering timer		177 000	81 000	21 000		279 000
Del 3 Egenfinansiering timer NCE Tourism		15 000	15 000	15 000		45 000
Søkes fra fylkeskommunen	51 000	398 426	301 995	138 598		890 019
Sum finansiering	102 000	851 328	672 655	311 395		1 937 378

7.3 Vurderingar og konsekvensar

I reiselivsmeldinga «Opplev Norge – unikt og eventyrlig» som vart handsama våren 2017 vert det slått fast at reiselivsnæringa er den raskast veksande næringa i verda, og at Norge kjem til å ta nye marknadsandelar i åra framover. Tilveksten av nye turistar er 27 % høgare i Norge enn gjennomsnittet internasjonalt. Særleg er veksten innan segmentet som søker ein aktiv ferie i naturen i vekst. Dette stadfestar turistundersøkinga som Innovasjon Norge har gjort for vintersesongen 2018, der det å få oppleve fjellet vert rangert som det viktigaste av naturopplevingar i Norge av utanlandske og norske turistar.

Sogn og Fjordane byr på eit breitt spekter av variert natur i verdsklasse. For å kunne hente ut verdiar av den venta veksten i tal besøkande må ein kunne tilby varer og tenester av høg kvalitet til betalingsvillige turistar. Høgt kvalifiserte guidar til å leie tilreisande i naturen er ein måte å skape næring på, og gjev ei trygg naturoppleving. Skiguideutdanninga vil gje auka kompetanse og verdiskaping for bedrifter som tilbyr naturbaserte aktivitetar og gje eit tilbod til turistar som dei er villige til å betale for og som er svært etterspurt.

Lokalitet for studiet er ikkje fastsett. I Sogn og Fjordane vil Sogndal vere mest aktuell grunna Høgskulen på Vestlandet då ei skiguideutdanning kan vere eit supplement til utdanningane her, eller som eit vidare studium for dei som fullfører bachelorgrad i for eksempel friluftsliv, reiselivsleing, natur- og opplevingsbasert reiseliv. I tillegg har Sogndal nærleik til høgalpint klatreområde med rike føringstradisjonar, nærleik til brear for blåisvandring og skiferdsel, samt eit høgt tal aktive naturbaserte reiselivsbedrifter som vil ha nytte av ei slikt utdanningstilbod. Ei etablering av skiguideutdanning i Sogndal vil styrke det naturbaserte reiselivet i regionen og bidra til å sette Sogn og Fjordane, og særleg Indre Sogn på kartet som eit kompetansesenter for fjellsport og bratt friluftsliv i Norge og Nord Europa. Etablering av Norges Høgfjellskule vil ha eit nasjonalt og internasjonalt preg der heile Norge vert nytta i utdanninga.

7.4 Konklusjon

Fylkesdirektøren ser på etableringa av eit fagskuletilbod som svært positivt. Tidlegare har vi ikkje vore inne å støtta oppstart av slike studium, men med dei trendane innan reiseliv som ein ser både i tal besøkande og kva dei etterspør vil dette tilbodet vere eit viktig steg i riktig retning for å sikre gode, trygge opplevingar for tilreisande som gjev auka verdiskaping for reiselivsnæringa.

Når det gjeld sjølve opprettinga av fagskulestudiet er søkjar oppmoda om å ta kontakt med Fagskulen i Sogn og Fjordane

Fylkesdirektøren innstiller på å sette av inntil 150 000 kr. til prosjektet i ein oppstartsfasen. Fylkesdirektøren får fullmakt til å følgje opp saka vidare og gjere endeleg vedtak.

8. Forskingsprogram for reiseliv – sluttfinansiering

(Sakshandsamar: Ingeborg Lysne Mcevoy)

8.1 Bakgrunn for saka

Forskingsprogram for reiseliv vart oppretta i 2013 som eit resultat av prosjektet «Eit kunnskapsbasert Sogn og Fjordane» som vart avslutta tidleg i 2012. Forskingsprogrammet har som mål å vidareutvikle og sikre ei langsiktig satsing på innovasjonsevne, verdiskaping og berekraft i reiselivet i Sogn og Fjordane. Programmet er bygd på følgjande delmål:

1. Vidareutvikle tematiske område og utføre målretta forskning med stor relevans for næringa
2. Gjere kunnskapen tilgjengeleg for næringa gjennom formidling og samarbeid, og gjennom utvikling av studietilbod på masternivå
3. Vidareutvikle ein stabil og strategisk kunnskapsbase i fagmiljøa i Sogn og Fjordane

Ved oppstart av forskingsprogrammet vart finansieringa eit spleiselag mellom fylkeskommunen, Innovasjon Norge, Høgskulen i Sogn og Fjordane, Vestlandsforskning og private bedrifter. Behovet var 5 millionar frå fylkeskommunen. Det vart sett av 3 mill kr. der midlane vart henta frå kompensasjonsordninga for differensiert arbeidsgjevaravgift (INU- FSF) og midlar frå det fylkeskommunale budsjettet. I dag er INU- FSF ordninga avvikla og det fylkeskommunale budsjettet er sterkt redusert sidan 2013. Det er framleis eit behov for finansiering for å fullføre aktiviteten fram mot avslutning 31.mai 2019.

Finansieringsplanen for prosjektet pr. juni 2018 ser slik ut:

Organisasjon (tal i 1000)	2014	2015	2016	2017	2018	2019	SUM
	1. juni – 31. des					1. jan – 31. mai	
Sogn og Fjordane fylkeskommune	500	1000	1000	500			3000
Innovasjon Norge	500	1000	1000	1000	1000	500	5000
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane		100	100	100		100	400
Høgskulen på Vestlandet	250	500	500	500	500	250	2500
Vestlandsforskning	250	500	500	500	500	250	2500
Bedrifter							0
Sparebanken S&Fj (sparebankstiftinga)		0	0	0	200	?	200
Fjord1		100	100	100	100	100	500
Sparbanken Vest		0	0	200	0	?	200
Hotell Alexandra		50	50	50	50	50	250
Sunnfjord Hotell		0	0	0	0	0	0
Aurland resursutvikling.		50	50	50	50	50	250
Knutholmen			50	50	50	50	200
SUM	1500	3300	3350	3050	2450	1350	15000

8.2 Litt om status for prosjektet

Hovudaktivitet utvikling av ny masterutdanning

Ein varig effekt av satsinga skal vere etablering av nye og forbetra utdanningar ved Høgskulen. Frå 2017 vart Høgskulen i Sogn og Fjordane til Høgskulen på Vestlandet. I overgangsfasen vart arbeidet med etablering av den nye utdanninga lagt på vent til vedtak om organisering av avdelingar i den nye høgskulen.

Uavhengig av dette har prosjektarbeidet og publiseringar for å kvalifisere personar for etablering av utdanninga halde fram. Internasjonale publikasjonar er avgjerande for å kunne etablere utdanninga. Gjennom forskingsprosjekta og publisering skal programmet utvikle kompetansen og fagstaben for å kunne realisere studia. Studentoppgåver er også ein viktig resurs.

I 2016 vart det utvikla ei ny bachelorutdanning i opplevingsbasert reiseliv med oppstart hausten 2017. Utdanninga er utvikla utanom reiselivsprogrammet, men den vil no saman med eksisterande reiselivsutdanning utgjere grunnlaget for ei ny masterutdanning.

Høgskulen på Vestlandet skal no etablere ein formell studieplankomité. Her vil det vera behov for knyting til reiselivsnæringa, og det vil gje ei eiga næringsinvolvering utover det som er knytt til forskningstema nedanfor.

Hovudaktivitet: Utvikle tematiske område med særleg relevans for næringa og politikkkutformarar (og dermed for kvalifisering til utdanninga)

Verdi av store arrangement

Denne delaktiviteten starta med å bygge på eit prosjektsamarbeid som hadde føregått før reiselivsprogrammet starta der 800 tilreisande til tre World Cup-arrangement i hopp vinteren 2013 vart intervjuet av bachelorstudentar ved HiSF (no HVL) om kor mykje pengar dei nytta, på kva, motivasjon for å sjå hopp osv.

Aktiviteten vart vidareført i reiselivsprogrammet i 2015/2016 med ein studie knytt til Førdefestivalen og seinare vidareført med ein studie på Landskyttarstemnet 2017 i Førde. I tillegg er det gjennomført ei studentoppgåve knytt til Jordeplerock i Lærdal og Vinjerock på Eidsbugarden i Vang.

Marknadsinnovasjon

Marknadsinnovasjon er ein måte å auke inntektsgrunnlaget til ei verksemd på. Får ein eksisterande og nye kundar til å betale meir for produkt og tenester, eller får ein eksisterande kundar til å kome tilbake av seg sjølv, vil dette danne grunnlag for høgare inntening og betre marginar. I arbeidet med å skape sterke merkevarer, er kundane sine merkeopplevingar sentralt. Forsking har lenge vist at gode merkeopplevingar fører til at kundane vert meir lojale, meir tilfredse og at dei får auka betalingsvilje.

I 2015/2016 vart det gjennomført ei undersøking for Hotel Alexandra sine gjester under Skåla Opp. Dette er under publisering. I 2017 er tilsvarande arbeid starta for Knutholmen sine gjester med ei pilotundersøking. Hovudaktiviteten vil komme i 2018.

I 2016 vart det gjennomført ein studie knytt til The Fjords si investering i ny båt på Nærøyfjorden (Vision of the Fjords). Dette var eit unikt høve til å undersøke og forske på dei reisande sine opplevingar av dette. Sommaren 2016 var både ein gamal båt (Fanaråken) og ny båt (Vision of the Fjords) i trafikk. Dette er då eit naturleg eksperiment, der ein kan måle effekten av å innføre ny teknologi på dei reisande sine opplevingar.

Motivasjon og behov hjå turistar innan naturbasert aktivitetsturisme

Det er gjort mykje forskning på kva som er motivasjon og behov hjå turistar generelt. Innan naturbasert aktivitetsturisme er denne litteraturen meir avgrensa. Ved å avdekke motivasjon og behov hjå kundar, vil me vere betre i stand til å innføre ein differensiert prisstruktur og dermed også kunne auke innteninga. Dette er eit grunnlag for ein meir presis marknadskommunikasjon og for marknadskommunikasjon td. gjennom sosiale medier.

I 2015 vart det gjennomført ein spørjeundersøking retta mot deltakarar på Fjellsportfestivalen. Denne studien er grovanalysert, og det er avdekka publiserbart resultat.

Nye digitale medier og kommunikasjonsteknologi

I første del av forskingsprogrammet vart det gjennomført undersøkingar om trendar og kundelojalitet knytt til booking. Aktiviteten vart vidareført gjennom konkret prosjektarbeid for NCE Tourism og deira arbeid knytt til system for aktivitetsverksemder.

Aktiviteten har vore vidareutvikle til å omfatte sosiale medium og ulike rating- og evalueringssystem, kva skjer, konsekvensar og mulege tiltak. Det har særleg vore knytt til å studere kva som skjer i ulike land og korleis tilpasse og etablere området til behov og røyndom for verksemdene i Sogn og Fjordane. Aktiviteten er no gjennomført med eit 30-tals verksemder i Sogn og Fjordane. Arbeidet og resultatata vart møtt med stor interesse i 2016, og vil bli følgt opp med både bedrifter og i destinasjonsperspektiv og den einskile turist i 2017.

Berekraftig utvikling - klimatilpassing

Arbeidet med klimatilpassing i reiselivet vart starta i 2016. Dette har fått fram ny og relevant kunnskap om klimatilpassing for skidestinasjonar. Første resultat vart presentert på Fjellsportfestivalen i Sogndal i februar 2017, og har etter det fått svært stor medieomtale både regionalt og nasjonalt. Aktiviteten har vore gjennomført i dialog med skianlegga i fylket og i nærområda.

Gjennom eit eige "scientific advisory board" har Vestlandsforskning tilgang til dei fremste internasjonale fagpersonane på temaet «reiseliv og klima» (professorane Michael Hall, Paul Peeters og Daniel Scott), i tillegg eigen kompetanse. Det er gjort fleire studie internasjonalt av klimasårbarheit i vinterturisme, men ingen systematiske analyser i Norge.

Berekraftig utvikling – førebygging og redning i fjellet

Reiselivet på Vestlandet opplever stort besøk til spesielle fjell- og turmål, slik som Trolltunga og Preikestolen, men også Nigardsbreen og andre turmål opplever sterk auke. Desse fyrtårna er viktige for alle type reiselivsbedrifter, anten det er overnattings-, servering- eller transportbedrifter. Dette gir oss samstundes utfordringar med omsyn til tryggleik. Både merking og tilrettelegging av turstiar, samt at fjellredningstenesta er innordna etter at det stort sett er fjellvante nordmenn, eller folk frå Norden, som ferdast i fjellet. Dei siste somrane har vi sett at utanlandske turistar har stått for ein stor vekst i ferdsel med ein auke i bergingsaksjonar som resultat. Denne delaktiviteten skal vurdere dagens metodar og verkemiddel for førebygging og redning, og utvikle forskingsområdet om tryggleik for fjellturisme organisert gjennom fire hovudaktivitetar: 1) Tryggleikssystem i andre fjellland: kva kan vi lære av andre? 2) Systemet for førebygging: Korleis driv dei mest besøkte fjelldestinasjonane førebygging? 3) Systemet for redning: Korleis fungerer samhandlinga mellom det nasjonale og lokale, og korleis har behovet for redning utvikla seg dei siste åre på dei mest besøkte fjelldestinasjonane? 4) Samla vurdering og konklusjon: Korleis er systemet for førebygging og redning ifht. til dagens og morgon dagens utfordringar på dei mest besøkte fjelldestinasjonane?

8.3 Vurdering og konsekvensar

Høgskulen i Sogn og Fjordane (no HVL) har hatt studium i reiselivsleing sidan 1984. I 2017 vart det i tillegg utvikla eit bachelorstudium i opplevingsbasert reiseliv. Skal vi ha håp om å halde på ungdommen må vi ha eit tilbod som er nært. 1 av 5 som reiser ut for å studere, kjem tilbake. 4 av 5 som tek utdanning her i regionen, blir verande. Med eit masterstudium vil vi vere i stand til å tilby eit heilt utdanningsløp. For å få til dette, må vi mellom anna auke den såkalla publiseringgraden. Difor er relevant forskning viktig. Desse åra er det gjennomført ei rekkje forskingsprosjekt som betyr mykje for verksemdene som lever av at andre får opplevingar i verdsklasse: Kva er eigentleg verdien av store arrangement? Kan det tenkjast at eit landsrenn på Ullsheim har like stor verdi som eit World Cup-arrangement i Oslo? Medfører dei nye, stillegåande og spesialdesigna båtane på Nærøyfjorden auka betalingsvilje og opplevingar? Kva er konsekvensen av nye, digitale medium? Kva må skianlegga gjere for å overleve klimaendringane, kor fort vil dei merke endringane? Fjellet trekkjer til seg fleire, både røynde og urøynde. Korleis førebygge skader og ta seg av tryggleik med ny tilstrøyming? Korleis bygge merkevare med utgangspunkt i eit privat, kjedelaust hotell?

Interessa frå næringslivet og media understrekar at dette er relevante spørsmål. Og publiseringgraden aukar, arbeidet vert verdsett. Difor er det viktig å fullføre Forskingsprogram for reiseliv.

Fylkesdirektøren legg no opp til å løyve kr 500 000. Dersom det seinare skulle syne seg at det er behov for meir midlar for å avslutte programmet på ein god måte får vi heller vurdere dette på eit seinare tidspunkt.

8.4 Konklusjon

Fylkesdirektøren ber om at det vert sett av 500 000 kr. for å vidareføre Forskingsprogram reiseliv ut programperioden.

9. Søknad om investeringstilskot til Fossesenteret i Gaular

(Sakshandsamar: Kristin Arnestad)

9.1 Bakgrunn

Søknaden

Gaular kommune har sendt ein søknad datert 3. oktober 2018, der dei søker om 5 mill. kr. til finansiering av bygg og utstillingar på Fossesenteret i Gaular. Fossesenteret skal vere eit nasjonalt senter for verna vassdrag. Hovudoppgåva blir å formidle kunnskap om den verna vassdragsnaturen, og den norske fossenaturen generelt.

Ein søknad av eit slikt omfang ville vere naturleg å vurdere i samband med budsjettprosessen for 2019, men søknaden kom inn etter at hovudutvalet har teke stilling til framlegg til budsjett.

Hovudutvalet er difor tidlegare informert om søknaden, og Finansutvalet gjorde 2. november vedtak om at dei ikkje finn rom for å imøtekomme søknaden, og viser den til hovudutvalet for endeleg vedtak.

Rutiner i budsjettprosessen

Hovudutvalet disponerer normalt ikkje midlar til store einskildprosjekt, og praksis er at slike prosjekt skal handsamast i den samla budsjettprosessen til fylkeskommunen. Då vert innkomne søknader vurdert opp mot kvarandre, og opp mot eksisterande satsingar innan sektoren.

I gjeldande budsjett står dette:

Søknader/innspel som vert vist til vurdering i budsjettprosessen, men som kjem til handsaming etter hovudutvala sitt prioriteringsmøte i august/september, skal som hovudregel visast til neste års budsjettprosess.

Retningslinjer for næringsretta satsingar

Hovudutval for næring og kultur har vedtatt retningslinjer for verkemiddelbruk for næringsutvikling. Dei seier mellom anna at: *Tiltaka skal vere i tråd med strategiske planar og bidra til måloppnåing innan satsingsområda, og i hovudsak gå til mjuk infrastruktur som til utviklingsarbeid, kompetanseheving og marknadsarbeid. Unnataket er m.a. midlar til destinasjonsselskapa (stiar, skilting m.m.) og breibandutbygging.*

Retningslinjene seier også: *Regionale utviklingsmidlar kan unnataksvis nyttast til grunnlagsinvesteringar som til dømes kaier og bygg. Dersom manglande kommunale grunnlagsinvesteringar er til hinder for sær s viktige utviklingsprosjekt med betydeleg potensiale for vekst, kan utviklingsmidlane nyttast til dette i særlege tilfelle.*

Historikk

Dåverande hovudutval for plan og næring har støtta forprosjektet med 100 000 kr. i mai 2009 og 200 000 kr. i mars 2012. Det første tilskotet var til eit skisseprosjekt, medan det andre var ei meir systematisk tilnærming i eit forprosjekt.

Grunngjevinga for å støtte forprosjektet var mellom anna at det var viktig å avklare om det var grunnlag for eit slikt senter i Sogn og Fjordane.

Forprosjektrapporten blei sendt til fylkeskommunen 21. desember 2015. Det var då ikkje ein søknad om midlar, men rapporten skisserte ein finansieringsplan der fylkeskommunen saman med Vassregion Sogn og Fjordane står oppført med eit tilskot på 5 mill. kr.

Vi gav ei administrativ tilbakemelding om kva fylkeskommunen hadde høve til å bidra med. Vi peika på at det var mogleg å søkje delfinansiering frå Vassregion Sogn og Fjordane dersom det er aktuelt å ha ein spesifikk presentasjon av miljøtilstanden i vassdrags- og sjøområda for Sogn og Fjordane. Vi skreiv også at eit besøksenter kan reknast som eit tiltak innan reiseliv og at det difor er naturleg å vurdere prosjektet opp mot utlysingar knytt til reiseliv som satsingsområde. Vi peika mellom anna på ordninga med infrastrukturtiltak i reiselivet.

Vi har ikkje motteke søknader direkte mot desse ordningane. Sidan dette brevet blei skriva har også tilgjengelege midlar innan ordninga til infrastrukturtiltak i reiselivet blitt vesentleg redusert grunna avslutning av ordninga med kompensasjonsmidlar for differensiert arbeidsgjevaravgift. Ordninga er også spissa meir mot vandring.

Søklar har også orientert om prosjektet på politikardag 24. september 2018.

Søknaden blei lagt fram som skriv og melding i hovudutvalet sitt møte 23. oktober. Finansutvalet vurderte saka 2. november, og gjorde vedtak om at *Finansutvalet finn ikkje rom for å imøtekomme søknaden frå Gular kommune om investeringstilskot til Fossesenteret med friske midlar.* Søknaden vert vist til hovudutval for næring og kultur for endeleg avgjerd. Av tidsomsyn var søknaden ikkje handsama til møtet i finansutvalet slik at det var for tidleg å seie om søknaden kunne komast i møte innan rammene til næring og kultur.

9.2 Nærare omtale av søknaden

Om Fossesenteret

Fossesenteret skal vere eit nasjonalt senter for verna vassdrag. Hovudoppgåva blir å formidle kunnskap om den verna vassdragsnaturen, og den norske fossenaturen generelt. Senteret skal også formidle kunnskap om vatn i eit internasjonalt perspektiv. Senteret skal også vere eit knutepunkt for

ferskvassforskning i eit samarbeid med høgskule, universitet og internasjonale forskingsmiljø. Det er også mål om å bli eit fyrårn for reiselivet, og det vert vist til satsing på den nasjonale turistvegen over Gaularfjellet og nærleiken til turiststaden Balestrand.

Søknaden er kortfatta og viser mykje til forprosjektet for 2015 som ligg til grunn for søknaden.

Status for arbeidet med senteret

- Forprosjekt frå 2015, med oppdaterte tal for investering og drift frå 2018, ligg til grunn for søknaden
- Tomt er regulert på Mjell, ved Nasjonal Turistveg, like attmed brua over Likholefossen.
- Bygning er skissa og grovkalkulert, inkludert uteområde og utstillingar av Nordplan. Kostnad er 37,3 mill. kr.
- Når det gjeld utstillingar vert det vist til forprosjektet, og eit idetilfang frå 2010 som er vedlegg til forprosjektet.
- Det vert opplyst at to partar har gjeve tilsegn om finansiering: Gaular kommune med 5 mill. kr. og Nasjonal turistveg med 3 mill. kr. I etterkant har Førde kommune sett av 1 mill. kr. til prosjektet.

Kvar

Forprosjektrapporten seier at Gaularvassdraget er særers god eigna. Rapportar i samband med Samla plan viser at Gaularvassdraget er det fremste type- og referansevassdraget på Nord-Vestlandet. Gaularvassdraget kjem frå bre, har 29 fossar, renn gjennom levande bygdesamfunn med ladskapsvernområde. Elva er eit nasjonalt laksevassdrag, og renn ut i den nasjonale laksefjorden Dalsfjorden med den verne sideelva Laukelandfossen.

Senteret skal ligge nær Gaularfjellet, med Nasjonale Turistvegar sin attraksjon «Utsikten». Nasjonalt senter for verna vassdrag skal ligge i nær tilknytning til den særmerkte brua over Likholefossen. Fossestien er 21 km tilrettelagt vandreveg over Gaularfjellet.

Kva og kvifor

Sogn og Fjordane står for 11 prosent av kraftproduksjonen i landet, og har 15 % av dei verna vassdraga, rekna i GWh. Gaularvassdraget blei verna i 1993, etter hard strid.

Det er bygd ein 21 km lang «Fossesti» langs Gaularvassdraget, rett forbi det Fossesenteret er tenkt bygd. I 2012 vart Nasjonal Turistveg Gaularfjellet opna.

Det finst i dag ingen andre planar om eit liknade senter i Norge.

Det har vore ein omfattande prosess med å verne vassdrag, men dei verna vassdraga har ingen arena der kvalitetane deira vert presentert for ålmenta slik som for nasjonalparkar og liknande.

Den verna norske vassdragnaturen er unik i verdssamanheng.

Bygget

Bygningen skal vere på om lag 690 kvm. pluss terrassar. Bygget kan delast inn i byggesteg. Planen er basert på ein serie lange veggjar i landskapet under ei foldande tak. Kafé, toalett og garderoabar er billettfrie soner.

Utstillingsinnhald

Prinsipp for utstillingar i Fossesentert:

1. Fossesentert skal gje omfattande og god informasjon om dei 388 verna vassdraga i Norge.
2. Fossesentert skal vere ei senter for kunnskap om vatn internasjonalt.

Forprosjektrapporten seier at utsillingane eksempelvis kan utformast ved hjelp av moderne teknologi og skjermar, og ved hjelp av deltakande aktivitetar. Utstillingane kan vere i, og ved bygg, samt på og ved Fossestien.

Som grunnlag for val av tema og som døme på måtar å presentere ei utstilling på, bygger forprosjektet på fylidige dokument laga av ein utstillingsarkitekt i 1995/96, og revidert og tilpassa i 2011. Tematisering skal mellom anna vere:

- Den blå planeten
- Naturfaglege verdiar
- Utbygging og vern
- Næringsbruk i vassdraga

- Kunst og kulturhistorie
- Reiseliv og turisme
- Fosseheimen

Målgrupper og besøksstal

Arbeidsgruppa har i driftsbudsjettet lagt opp til eit besøk på 13 000 i året, dei første åra. Dei meiner dette talet kan oppnåast ved at:

- Den reiselivsmessige kraftpakka som består av dette senteret; vidareutvikling av Nasjonal Turistveg og andre lokale attraksjonar vil gje auka trafikk over fjellet i sommarhalvåret. Det skal gje eit grunnlag for eit godt sommarbesøk av turistar i senteret.
- Nærleiken til turiststaden Balestrand og Sognefjorden, er eit godt utgangspunkt for rundturar med buss.
- Studentar og skuleelevar vil vere ei viktig målgruppe.
- Arbeidsgruppa meiner at dei første åra vil det «nysgjerrige første-besøket» frå ein vid region vere ein del av besøksstalet. Kvalitet og fornying vil vere avgjerande for at lokalt publikum tek med gjestene sine hit.

Kostnader og finansiering

Investeringskostnad og finansieringsplan:

	Kostnad	Finansiering
Investeringskostnadar bygg inkl uteområde	27 500 000	
Innventar og utstyr	2 200 000	
Investering utstilling	7 600 000	
Finansierast av:		
Statens Vegvesen Nasjonale Turistvegar, tilsagn		3 000 000
Gaular kommune		5 000 000
Førde kommune/Balestrand kommune		2 000 000
S og Fj. fylkeskommune/Vassregion S og Fj.		5 000 000
OED, MD og NVE		20 000 000
Private, andre		2 300 000
Sum investering/finansiering	37 300 000	37 300 000

Desse tala er oppdatert i mars 2018.

Søkjær skriv at kostnadane for utstillingane er basert på erfaringstal frå synfaringar og samtalar med andre senter.

Drift

Driftsbudsjett Fossesenteret - Nasjonalt senter for verna vassdrag

	Tal	Pris		
Driftskostnadar og inntekter			Inntekter	Utgifter
Lønn og personalkost 2 årsverk			1 200 000	
FDV kostnadar(Forvaltning, drift, vedl)			380 000	
Marknadsføring			165 000	
Oppdatering endring utstillingar			220 000	
Andre driftsutgifter			110 000	
Billettinntekter, gjennomsnittpris	13000	60		750 000
Salsinntekter				785 000
Arrangement/utleige				55 000
Driftstilskot stat				435 000
Andre inntekter				50 000
Sum driftskostnadar og inntekter			2 075 000	2 075 000

Desse tala er oppdatert i mars 2018.

I forprosjektet står det at arbeidsgruppa føreslår ein nøktern start med to årsverk. Der det eine ein heiltidstilsett dagleg leiar/formidlingsleiar og det andre årsverket er for å halde gode opningstider i sommarsesongen, samt andre funksjonar i senteret.

9.3 Vurdering

Søknaden har eit stort budsjett, og fylkeskommunen er søkt om 5 mill. kr. Fylkesdirektøren meiner det ville vere naturleg at søknaden på lik linje med andre større søknader/saker blei vurdert i samband med budsjettsaka til hovudutvalet i september.

No har finansutvalet vurdert søknaden og har vist søknaden til hovudutvalet for endeleg avgjerd, då finansutvalet ikkje finn rom til å finne friske midlar til søknaden. Både med tanke på dei avgrensa rammene til hovudutvalet, og handsaminga av andre større søknader meiner vi det er vanskeleg å finne 5 mill. kr. til dette prosjektet. I budsjettframlegget for 2019 fann ikkje hovudutvalet rom for å ta inn nokre nye større prosjekt innanfor rammene.

Dersom hovudutvalet skulle finne rom for dette prosjektet måtte det nyttast restmidlar frå tidlegare år. Ei løyving på ein slik sum burde også vere til prosjekt som utpeikar seg med å bidra til svært stor effekt innan dei prioriterte satsingsområda.

Vi ser at eit slikt senter kan vere positivt for reiselivssatsinga i området då det kan gå inn i ein større pakke av reiselivsprodukt. Det er ei føremøn for senteret at det ligg ved den nasjonale turistvegen. Det har ikkje vore tradisjon for å støtte slike senter/bygg innanfor sektoren sine rammes tidlegare, vi har tidlegare i nokre høve støtta utstillingar i andre senter. I følgje retningslinene for verkemiddelbruk skal sektoren sine midlar til næringsutvikling i hovudsak gå til mjuk infrastruktur, unntaka er mellom anna infrastrukturmidlar til stiar og skilting, og breibandutbygging.

Unntaksvis kan midlane nyttast til grunnlagsinvesteringar der manglande kommunale grunnlagsinvesteringar er til hinder for særskilt viktig utviklingsprosjekt med betydeleg potensiale for vekst. Vi ser ikkje at saka fell inn under dette. Vi meiner etablering av eit senter kan utfylle reiselivsproduktet i området, og vi er positive til å støtte gode reiselivsprosjekt som kan bygge opp under senteret. Dette kan til dømes vere prosjekt som fell inn under infrastrukturutlysinga, som til dømes tiltak som legg til rette for vandring i området.

Slik det går fram av søknaden er det lagt opp til to årsverk der det eine skal vere for mellom anna å halde gode opningstider i sommarsesongen. Verdiskapingsplanen peikar på at det er viktig å leggje til rette for heilårsturisme, og at ein rettar produktutvikling og marknadsføring mot perioden utanom sommarsesong. I rullert verdiskapingsplan står det at fylkeskommunen kan påverke denne utviklinga ved å støtte prosjekt som legg til rette for at fylket vert attraktivt for turistane utanom den tradisjonelle høgsesongen, og gå i dialog med partnarane som vi har avtale med. Ikkje alle stader har eit minimumstilbod for å kunne ta i mot vinterturistar, det er difor viktig å spisse innsatsen mot

dei som har grunnlaget for å kunne rette seg mot segment som vil sjå fjell og fjord i vinterdrakt. I lys av dette synest det også vanskeleg å nytte så mykje ressursar mot eit senter som hovudsakleg ser ut til å seg mot sommarsongen. Med vinterstengt Gaularfjell er potensiale for sesongutviding heller ikkje til stades.

Når det gjeld sjølve søknaden meiner vi den også er for lite konkret på nokre område. Til dømes er det lagt opp til driftskostnader på 2 mill. kr. der det mellom anna er lagt inn eit tilskot frå staten. Vi meiner ein tydlegare plan for drifta bør kunne forventast før ein går inn med omfattande tilskot til bygg. For å få effekt er det ikkje nok med eit bygg, det vert stilt store krav til innhald og formidling. Besøkande i dag stiller store krav til attraksjonane dei besøker.

Vi har tidlegare vist til at det kan søkjast delfinansiering frå Vassregion Sogn og Fjordane dersom det er aktuelt å ha ein spesifikk presentasjon av miljøtilstanden i vassdrags- og sjøområda for Sogn og Fjordane.

9.4 Konklusjon

Fylkesdirektøren meiner søknaden er noko uklar, mellom anna med tanke på korleis senteret skal få til ei god, stabil og langsiktig drift. Støtte til bygg ligg også på utsida av det fylkesdirektøren meiner hovudutvalet skal støtte. Søknaden er også av eit for stort økonomisk omfang for sektoren. Fylkesdirektøren rår difor til å avslå søknaden.

Det er mogleg for Fossesenteret å søkje delfinansiering frå Vassregion Sogn og Fjordane dersom det er aktuelt å ha ein spesifikk presentasjon av miljøtilstanden i vassdrags- og sjøområda for Sogn og Fjordane. Det er også mogleg for aktørar å søkje om tilskot til reiselivsprosjekt som kan støtte opp under senteret gjennom ordningar innan reiselivet.

10. Søknad om tilskot til forprosjekt for UNESCO Global Geopark i HAFS-regionen

(Sakshandsamar: Kristin Arnestad og Eva Moberg)

10.1 Bakgrunn for saka

HAFS-regionråd søkjer om 399 325 kr. til eit forprosjekt som skal vise korleis ein UNESCO Global Geopark kan realiserast i HAFS-regionen.

10.2 Nærare omtale av søknaden

Bakgrunn – kva er ein UNESCO Global Geopark

Det finst i dag 3 UNESCO-ordningar som spesielle landskap/kulturminne kan søkje om å få godkjenning på: Verdsarv, Biosfæreservat og Geopark. Geopark vart innført i 2015, og er den nyaste kategorien. Landskap med internasjonal framifrå geologi kan oppnå status som UNESCO Global Geopark (UGG).

Ein UGG er ikkje ein geologipark. Gjennom å vere ein UGG skal parken vere ein motor for berekraftig utvikling som resulterer i verdiskaping basert på natur- og kulturarven. Denne arven er kapitalen som blir brukt til verdiskaping. UNESCO-varemerket skal vere ein garanti for regionen sin unike geologiske arv og kvalitet. I følgje ekspertar oppfyller HAFS-regionen krava til UNESCO når det gjeld å ha ei framifrå geologisk arv.

Oppgåvene til ein UGG er mellom anna:

- Vere pådrivar for natur- og kulturverdiar
- Utvikle berekraftige tilbod for turistar, skular, grupper osv.
- Bygge opp eit nettverk av partnarar
- Løfte infrastrukturen i regionen (transport, vandrestiar, overnatting, matsservering, og marknadsføre regionen
- Utdanne guidar
- Utvikle andre samfunnsprosjekt og hjelpe med finansiering og gjennomføring

Hovudmåla til ein UGG er:

- Utvikling av reiselivet og næringslivet generelt

- Fleire arbeidsplassar og auka verdiskaping i regionen
- Bygging av identitet og stoltheit i lokalsamfunnet
- Auke bustadattraktivitet

Å få status som Geopark, - samt å behalde den er omfattande og arbeidskrevjande.

I det som vil bli det nye Vestland fylke finst det verdsarvstader på Bryggen i Bergen, i Vestnorsk Fjordlandskap (delområde Nærøyfjorden) og på Urnes i Luster, og det vert jobba for å etablere Norges første biosfæreservat i Nordhordland.

Geoparkar i Norge

Geopark-konseptet er ikkje så kjent i Norge enno. Ein av grunnane er kanskje at det kun er to parkar som har fått UNESCO-staus, ein i Vestfold/Telemark og ein i Rogaland/Vest-Agder. Ein tredje på Helglandskysten jobbar for å få statusen. Det finst ikkje ei statleg støtteordning for Geoparkar, men ulike aktørar jobbar for å få det til.

Gea Norwegia Geopark blei etablert i 2004 og er eit interkommunalt selskap eigd av Telemark og Vestfold fylkeskommunar, og åtte kommunar. Budsjett er på 4,9 mill. kr. og 4,23 kjem som driftsmidlar frå eigarane. Dei har 3,4 stillingar og fungar godt takka vere støtta frå fylkeskommunane.

Magma Geopark blei etablert i 2009 og er eit nonprofit aksjeselskap. Aksjane er eigd av Rogaland fylkeskommune (40%), Vest-Agder (15%), kommunar 42%) og private (3%). Driftsbudsjett er på 1,8 mill. kr. Driftsstøtte frå fylkeskommunane er henholdsvis 500 000 kr. og 110 000 kr. Geoparken har også ulike former for prosjektstøtte.

Parken har 2,5 stillingar, noko som er usikkert om kan halde fram. Planen går nokre år med underskot som må dekkast av aksjepapitalen.

Trollfjell Geopark som jobbar med godkjenning driv via eit interkommunal friluftsråd, då tanken er at Geopark og friluftsråd i stor grad har liknande oppgåver.

Historikk og førebuingar til forprosjektet

Regionrådet har gjennomført ei forstudie støtta med 100 000 kr. Forstudien konkluderer med at det vert rådd til å satse på få til ein UGG. I tillegg har regionrådet sett av 50 000 kr. (finansiert gjennom utviklingsavtalen med fylkeskommunen for 2018) til ei arbeidsgruppe som mellom anna har hatt møter om nasjonal parkfinansiering og førebudd studietur for HAFS-regionråd og arbeidsgruppa til samanliknbare parkar i Europa.

Regionrådet har tidlegare lagt vekt på at Geoparken skal byggast på den eksisterande regionalparken Sognefjorden Kystpark, og det skal gjerast rolleavklaringar knytt til aktørar som Norsk Kvernsteinsenter, Sognefjorden Kystpark, Fjordkysten Friluftsråd, Visit Fjordkysten med fleire.

Mål

Hovudmålet med forprosjektet er å førebu eit hovudprosjekt som viser korleis ein UNESCO Global Geopark kan realiserast i HAFS-regionen.

Forprosjektrapporten skal gje grunnlag for dei involverte kommunane og Sogn og Fjordane fylkeskommune for å ta ei avgjerd for eller mot satsinga.

Delmåla i forprosjektet er å utvikle eit konsept for ein UGG med tanke på organisering, finansiering og drift, samt utarbeide ei framlegg til hovudprosjekt med finansieringsplan.

Aktivitetar i forprosjektet

For å oppnå dei to delmåla skal det gjennomførast 7 tiltak:

1. *Undersøking om oppgåvene og krav til ein UNESCO Geopark – og til ein norsk Geopark.* Det er mogleg å få godkjenning som «norsk Geopark» og etterpå søkje om å få bli UNESCO Geopark. Gjennom denne aktiviteten skal ein setje seg inn i ulike krav og oppgåver knytt til dette, og sjå på korleis dette kan løysast i HAFS.
2. *Geoparken sin organisasjons- og finansieringsmodell.* Det skal lagast ei oversikt over moglege organisasjonsmodellar.
3. *Definere eit utval Geopark-lokalitetar/sites (geologisk og ikkje geologisk).* Alle geoparkar må ha fleire «geosites/geolokalitetar i landskapet der regionen si natur- og kulturarv vert formidla. Det skal lagast ei liste over eksisterande og mogleg nye lokalitetar som kan passe inn. Gjennom workshop skal det samlast inn idear for formidling.

4. *Samle idear for forumsamarbeid i Geoparken på tvers av kommunane.* Geoparken skal vere ein pådrivar for berekraftig næringsutvikling. I forprosjektet skal det samlast idear for moglege tematiske samarbeidsforum (t.d. innan landbruk, reiseliv, lokalmat, akvakultur m.m.).
5. *Utarbeide konsept for HAFS-Geopark – grunnlag for hovudprosjekt.* Med utgangspunkt i resultat frå punkt 1-4 skal det utarbeidast eit konkret konsept, med handlingsplan, for alle oppgåver/tiltak som er naudsynte for etablering av ein HAFS Geopark.
6. *Inkludering av kommunestyre/formannskapet i kommunane.* Formannskapa i HAFS-kommunane skal bli orienterte om Geopark-ideen og arbeidet på eit felles møte i starten av 2019. Etter dette skal alle kommunestrya få høve til å uttale seg.
7. *Kartlegge finansiering av hovudprosjekt.* Parallelt med arbeidet i punkt 1-6 skal det kartleggast korleis eit 4-årig hovudprosjekt kan finansierast.

Tidsplan

Prosjektperioden er 1. november 2018-31. mai 2019 jf. søknaden. Samstundes er noko av aktiviteten skissert i budsjettet (studietur) gjennomført.

Kva skal skje etter forprosjektet?

Søklar planlegg denne framdrifta etter at forprosjektet er avslutta:

- Juni 2019 - Presentasjon av resultatata for HAFS-regionråd og fylkeskommunen. Avgjerd om vegen vidare
- August 2019 - Sende søknader om finansiering.
- April 2020 - Finansiering avklart
- Mai 2020 - Oppstart 4-årig hovudprosjekt
- Mai 2023 - Geopark er oppretta og i drift. Godkjent som norsk Geopark
- Juni 2023 - Skrive søknad til UNESCO om godkjenning som UGG. Jobbe resten av året med å sikre langtidsfinansiering av parken.
- Juni 2024 - Sende søknad til UNESCO om Geopark godkjenning
- Juni 2025 - Godkjenning som UNESCO Geopark

Eit hovudprosjekt er såleis tenkt å gå frå mai 2020 til mai 2024. Hovudprosjektet skal bygge opp Geoparkorganisasjonen, realisere Geosites og besøkssenter, lage forvaltningsplan for natur- og kulturarv, bygge opp partnarnettverk og produktutvikling.

Prosjektorganisering

Prosjektansvarleg er HAFS-regionråd ved leiar. Prosjektleiar og rekneskapsansvarleg kjem frå Norsk Kvernsteinsenter, og prosjektmedarbeidarar kjem mellom anna frå HAFS-regionråd, Norsk Kvernsteinsenter og Sognefjorden Kystpark.

Det skal opprettast både styringsgruppe og fagleg råd for å forankre den framtidige Geoparken hjå alle aktørar som søklar ynskjer å involvere.

Det står at styringsgruppa skal bestå av representantar for dei framtidige eigarane til Geoparken, og det faglege rådet av potensielle partnarar. I søknaden står det at styringsgruppa er HAFS-regionråd, representant frå Sognefjorden Kystpark og fylkesdirektør for næring og kultur (ikkje avklara med fylkesdirektøren). Fylkeskonservator er sett opp som deltakar i det faglege rådet.

Budsjett og finansieringsplan

	FK	Andre	Totalt
1. Research om oppgåvene og krav til Geopark	22 500	27 500	50 000
2. Geoparken sin organisasjons- og finansieringsmodell	35 875	27 500	63 375
3. Definere eit utval Geoparklokalitetar/sites	67 750	22 500	90 250
4. Samle idear for forumsamarbeid i Geoparken på tvers av kommunane	71 500	0	71 500
5. Utarbeide konsept for HAFS-Geopark	85 950	30 000	115 950
6. Inkludering av kommunestyre/formannskap	92 000	4 000	96 000
7. Kartlegge finansiering av hovudprosjektet	18 750		18 750
8. HAFS-studietur Geopark/Regionalpark i september 2018	0	303 500	303 500
9. Anna	5 000	4 000	9 000
Totalt	399 325	419 000	818 325

Studieturen i punkt 8 er allereie gjennomført. Detaljert budsjett er å finne i vedlegg.

Finansieringsplan

Eigenandel HAFS-Regionråd		317000
Studietur Geopark	303500	
Arbeidstimar og reisekostnader Regionrådssekretær	9500	
Møte styringsgruppa	4000	
Eigenandel kommunane HAFS/Gaular		50000
Rådmannsmøte	27500	
Møte geolokalitetar med kommunetilsett i 6 kommunar	22500	
Eigenandel Musea i Sogn og Fjordane/Kvernsteinsenter		13500
Arbeidstimar og reisekostnader	13500	
Eigenandel Sognefjorden Kystpark		8500
Arbeidstimar og reisekostnader	8500	
Fagleg råd arbeidstimar (via deira arbeidsgjevar)	30000	30000
Sogn og Fjordane Fylkeskommune	399325	399325
Total		818325

Eigendel HAFS-regionråd er samansett av bruk av egne midlar på 155 000 kr. og eigeninnsats frå regionrådsmedlemmane på 148 500 kr. Kostnadane er ikkje dekkja av samarbeidsavtalen med fylkeskommunen.

10.3 Vurdering

Grunnlag for arbeidet, organisering og partnerar

Det er lagt eit godt grunnlag for forprosjektet ved at det er lagt ned eit omfattande forstudiearbeid av høg fagleg kvalitet, noko som er med å sikre kunnskapsgrunnlaget og klargjere føresetnadene ein bygger prosjektarbeidet på. Som søkjar peikar på i forstudien må det gjerast viktige rolleavklaringar før eit hovudprosjekt. Rolleavklaringa er heilt avgjerande, men kjem kanskje ikkje så tydeleg fram i dei aktivitetane som er skissert i søknaden. Vi føreset at eit forprosjekt legg stor vekt på dette. Dette gjeld både finansiering, men også kven som skal ha ulike oppgåver og ansvar.

Det er mange partnerar som er aktuelle i ein UGG, då måla og aktivitetane femnar vidt. Partnerar som særleg er trekt fram er Norsk Kvernsteinsenter, Sognefjorden Kystpark, Fjordkysten Friluftsråd og Visit Fjordkysten.

Norsk Kvernsteinsenter har vore sentrale i arbeidet så langt. Norsk Kvernsteinsenter. Kvernsteinsparken kan fungere som eit Geopark-besøkscenter, noko som vil vere ei klar styrking av aktiviteten på senteret.

Sognefjorden Kystpark er allereie ein viktig partner for Kvernsteinsenteret. Sognefjorden Kystpark vart skipa 17.01.17. Ein av hovudoppgåvene for parken har vore å utgreie moglegheiten for at Sognefjorden Kystpark kan bli godkjent som ein UNESCO global Geopark. Regionrådet har vedtatt at ein Geopark skal bygge vidare på kystparken. Vi meiner dette er avgjerande, det er ikkje realistisk å ha både ein kystpark og ein Geopark. Det er også mykje arbeid som er gjort her tidlegare.

Kystparken bygger vidare på prosjektet «Kystarven» som var ein del av den nasjonale satsinga «Naturarven som verdiskapar». Prosjektet sitt hovudmål var å gjere kystarven til verdiskapar og profilbygger for HAFS-regionen. Prosjektet fekk også omfattande økonomisk støtte frå fylkeskommunen.

Fjordkysten Friluftsråd er eit interkommunalt samarbeidsorgan. Friluftsrådet kan vere med å løyse nokre av oppgåvene til ein UGG som til dømes skilting guidekurs med meir.

Visit Fjordkysten vil også bli ein viktig samarbeidspart, då mykje av arbeidet er retta mot reiseliv og produktpakking.

Felles for partnerane er dei ikkje har stort økonomisk handlingsrom, men synest likevel at eigeninnsatsen i form av arbeidstid kunne vore høgare både for dei og regionrådet då ei vidareføring av prosjektet kan ha god effekt for alle partnerane. Dersom partane vel å gå saman i ein Geopark bør ein også forvente at andre verkemiddel kan bli kanalisert inn mot Geoparken. Det vil vere uaktuelt med ei dobbeltfinansiering av same oppgåvene.

Kva effektar vil etablering av ein Geopark ha? Vurdering opp mot satsingsområde

Føremålet med ein UGG er å vere motor for berekraftig utvikling som resulterer i verdiskaping basert på natur- og kulturarven. Målsetjinga er i tråd med satsinga på reiseliv i verdiskapingsplanen, som legg vekt på at vi skal bygge på naturattraksjonar, og det levande kulturlandskapet. Reiselivssatsinga skal også vere berekraftig med omsyn til miljø og føre til lokal verdiskaping.

Føremålet er også i tråd med Regional plan for kultur, der ein har som mål å nytte kulturarven som ressurs i samfunnsutviklinga gjennom koplingar mot reiselivet. Opplevingar basert på autentisk kulturarv er særleg ettertakta i dagens reiselivsmarknad, der kundane etterspør unike opplevingar og stader med særpreg, levande kulturlandskap og særeigen natur- og kulturarv.

Samstundes ser vi at det er ein lang veg å gå for å etablere ein UGG, og statusen som UGG i seg sjølv vil ikkje vere nok til å skape utvikling og verdiskaping i regionen – og trekke mange besøkande til område. Ein rapport frå Telemarksforsking i 2018 om suksessrike distriktskommunar omtalar Aurland og seier at verdsarvstatusen frå 2005 truleg har styrka området sin attraktivitet. Men verdsarvstatus i seg sjølv er ingen garanti for vekst: 80% av verdsarvstadane opplever ingen vekst som følgje av den nye statusen. Ein slår fast at det må jobbast målretta for å nytte statusen og det tek gjerne lang tid før ein ser effekt.

Vi finn ikkje fyrstårn som til dømes Flåmsbana i HAFS-regionen, og det vil vere utfordrande å bygge regionen som ein stor reiselivsdestinasjon, ein UGG-status vil ikkje vere ein grunn i seg sjølv for å reise til HAFS.

Ein Geopark vil truleg vere positivt for reiselivet, men vi er usikre på kor stor effekten vil vere – og det vil krevje mykje å lukkast. Det vidare arbeidet må konkretisere den auka verdiskapinga skal skje.

Fylkeskommunen har hatt ein årleg samarbeidsavtale med regionrådet på inntil 500 000 kr. Samarbeidsavtalen skal vere ein plattform for å samordne planlegging, strategikutvikling, tiltak og gjennomføring av eit regionalt utviklingsarbeid. Vanlegvis skal prioriterte satsingar i regionen leggjast inn i samarbeidsavtalen. Geoparkprosjektet er omtala i avtalen.

Vi kunne vurdert å krevje at regionrådet finn rom innanfor avtalen, men vurderer det som greitt å vurdere anna finansiering då prosjektet kan ha effekt utanom HAFS og tidlegare fasar har blitt dekkja av avtalen.

UNESCO Geopark i HAFS – er det realistisk og kva er fylkeskommunen si rolle?

DET er som forstudia peikar også eit stort og ambisiøst prosjekt å bli ein UGG. Planlagt UNESCO-status er ikkje før i 2025. Det er viktig å ha nok ressursar frå starten av, og finansiering må vere

sikra på lang sikt, elles vil UNESCO ikkje tildele statusen. Forstudien peikar på at både fylkeskommune, kommune og private aktørar bør vere eigarar av parken. Det vil vere svært viktig for eksisterande og framtidige geoparkar at det kjem å plass ei nasjonal finansiering av parkane.

Eit hovudprosjekt vil såleis vare 4 år og må nok ha eit stort totalbudsjett. Etter at ein eventuell UNESCO-status er tildelt etter dette vil det også truleg bli driftskostnader på fleire millionar kroner i året jamfør dei andre etablerte Geoparkane.

Næring og kultur støttar hovudsakleg utviklingsprosjekt. Driftstøtte vert normalt gitt i særlege tilhøve til etablerte institusjonar som til dømes musea og Vestlandsforskning. Utviklingsmidlane frå KMD kan heller ikkje nyttast til driftsstøtte. Samanliknar vi med Nærøyfjorden Verdsarvpark der fylkeskommunen var ein av medstiftarane i 2008 har dei lenge etterlyst ei permanent grunnfinansiering av verksemda. Dette har vist seg vanskeleg å få til, og ført i 2017 fann ein rom for å tildele ei driftstøtte på 200 000 kr. i året for 2018 og 2019. I lys av dette er det vanskeleg å sjå føre seg eigarskap og driftstøtte av ein framtidig park slik søkjar ser føre seg.

Det er på noverande tidspunkt vanskeleg å seie noko om kva prioriteringar som blir gjort i nye Vestland fylkeskommune. Sjølv om vi ser det kan vere svært vanskeleg å få til ei driftsfinansiering frå fylkeskommunen slik stoda er no, så er det gjennomført eit så solid arbeid i forstudia at det kan vere interessant å bidra til å få fullført forprosjektet på ein god måte. Då har ein eit grunnlag for å vurdere om etablering av ein Geopark som det tredje UNESCO-ordninga i Vestland er interessant for den nye fylkeskommune.

Vi ser at det uansett UNESCO-staus eller ei er potensiale for auka verdiskaping og samarbeid i HAFS innan dette området. Då kan arbeidet i forprosjektet uansett legge grunnlag for andre samarbeidstiltak i HAFS som på kvar sin måte kan bidra til måla om utvikling av reiselivet og næringslivet, auka verdiskaping og attraktivitet.

Støttegrunnlag

Tilskot skal ha utløysande effekt, og det betyr mellom anna at prosjektet ikkje skal vere starta opp før tilskot er gitt. Aktivitet 8, studietur er allereie gjennomført og vil vel difor å ta den ut av godkjent støttegrunnlag og sjå på den som ei førebuing til forprosjektet det er søkt om. Studieturen har ein kostnad på 303 500 kr. og er i heilskap finansiert av regionrådet. Ser vi vekk frå studieturen i godkjent kostnadsgrunnlag så er fylkeskommunen si finansiering på 78% av totalkostnadane. Dette tykkjer vi er for høgt. Sjølv om mange av partnarane ikkje har stort økonomisk handlingsrom, bør eigeninnsatsen i form av arbeidstid vere høgare både for dei og regionrådet då ei vidareføring av prosjektet kan ha god effekt for alle partnarane. Vi tenkjer til dømes at intern møteaktivitet i regionen i større grad burde dekkast som eigeninnsats.

10.4 Konklusjon

Fylkesdirektøren rår til å støtte eit forprosjekt som skal vise korleis ein UNESCO Global Geopark kan realiserast i HAFS-regionen med 200 000 kr. Studieturen i regi av HAFS-regionråd er teken ut av godkjent kostnadsgrunnlag sidan den er gjennomført før fylkeskommunen fekk søknaden.

Vi føreset at prosjektet vert gjennomført om lag i skissert omfang, og at resterande finansiering vert dekkast opp med midlar frå andre eller eigeninnsats. Vi legg vekt på at forprosjektet skal vere tydelege på rolleklaringar og oppgåver for dei ulike samarbeidspartane i prosjektet. Varig driftsfinansiering må avklarast.

Fylkesdirektøren eller den han peikar ut kan delta i styringsgruppa dersom ynskjeleg.

Tilskotet signaliserer ikkje noko vidare økonomisk deltaking frå fylkeskommunen, dette må takast stilling til på fritt grunnlag av nye Vestland fylkeskommune.

11. Inkubatortilbod 2018-2019 - Aksello

(Sakshandsamar: Kristin Arnestad)

11.1 Bakgrunn

Søknaden

Aksello er ein av to fylkesdekkande inkubatorar i Sogn og Fjordane, og er til liks med Kunnskapsparken ein del av SIVA sitt inkubatorprogram. Aksello har tidlegare fått eit tilskot til aktiviteten i 2018, og søker no om meir midlar i 2018, samt tilskot for 2019.

Grunngjevinga Aksello har for å søkje om meir midlar i 2018, samt auke søknadssummen for 2019 i høve tidlegare tilskot er at tal inkubatorbedrifter har auka monaleg medan finansieringa frå SIVA ikkje har auka.

Historikk – tidlegare løyvingar

Aksello (og tidlegare Fram Flora) har fått fleire tilskot til inkubatortilbod. Seinast i 2017 vart det gitt eit tilskot som skulle dekke 2017 og 2018.

Selskapet har også fått tilskot til fleire andre prosjekt.

Søknad frå mars 2018

Aksello søkte i mars 2018 om tilskot til gjennomføring av seks ulike prosjekt som skal bidra til nyskaping og innovasjon i næringslivet i fylket. Inkubatorverksemd og innovativ klyngedrift var eit av prosjekta.

Søknaden frå mars omhandla også ytterlegare finansiering av aktiviteten i 2018, utover det tilskotet som fylkeskommunen allereie hadde gitt. I saksvurderinga frå HNK 23/2018 i april stod dette:

Inkubatorverksemd og drift av innovativ klynge. Fylkeskommunen vurderer dette prosjektet til å vere ein kjerneaktivitet i Aksello AS, i god koordinering med Kunnsapsparken gjennom eigen samarbeidsavtale. Denne aktiviteten har fylkeskommunen finansiert via løyving i 2017, som var gjeldande for både 2017 og 2018. Sjølv om behovet for tilleggsfinansiering er til stades, vert det vanskeleg for fylkeskommunen å gjere tilleggsøyving til dette formålet i og med at det var gjort ei løyving i 2017 som også skulle dekke 2018. Denne aktiviteten kan derfor ikkje støttast med ny løyving.

Hovudutvalet av slo søkanden.

SIVA sin reviderte tilskotsmodell

SIVA har i 2018 vedtatt ein revidert tilskotsmodell for inkubatorprogrammet. SIVA vedtok då desse støttenivåa til inkubatorane i fylket. Nivå er innført frå og med 2. halvår 2018.

Fylke	Inkubator	Dagens tilskudd	Nytt tilskudd
Sogn og Fjordane	Aksello AS	1 500 000	1 500 000
	Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane AS	2 000 000	3 000 000

11.2 Nærare omtale

Om inkubatoren

Aksello AS er eit lokalt forankra næringsutviklingselskap med hovudmerksemd på verdiskaping i Sogn og Fjordane. Selskapet vart etablert i 2010 og er eigd av det offentlege (Siva og Flora kommune) med 23 prosent og private aktørar (Westcon, Saga Fjordbase, Equinor, Neptune Energy, Flora Industri- og næringsforening, Sparebanken Vest og Sparebanken Sogn og Fjordane) med dei øvrige 77 prosent. Dei er fire tilsette, pluss ein trainee.

Aksello har vore industriinkubator gjennom Siva sitt nasjonale inkubatorprogram sidan 2011, og har frå 2017 ein ny Siva-avtale fram til 2022. Aksello har per no 20 verksemdar i inkubasjon eller pre-inkubasjon, innan havbruk, petroleum og maritim industri. Aksello reknar med å ende på ca 22 bedrifter i år. Til samanlikning hadde dei 5 bedrifter som var i inkubasjon eller preinkubasjon i 2014.

Gjennom inkubatoren får gründerar og andre innovasjonsprosjekt tilgang til rådgjeving, kontorfasilitetar, kompetanseheving, nettverk og anna. Aksello brukar bortimot to årsverk av eigne tilsette på inkubatorverksemda, i tillegg kjem eit rådgjevarkorps på 3-5 røynde bedriftsleiarar.

Aktivitetane omfattar idefangst og -vurderingar, rådgjeving, kompetanseheving, nettverksaktivitetar, investormøte, tett samarbeid med Kunnskapsparken Sogn og Fjordane (felles inkubatortilbod i fylket med m.a. felles opptaksmøte), marknadsføring av tilbodet, støttetjenester og administrasjon.

Mål

Målsettinga er å få inn minimum 6 nye verksemder i inkubasjon pr. år framover, og at vi skal ha minimum 3 vellukka «exits» pr. år. Kor mange arbeidsplassar det kan vere snakk om, vil variere sterkt. Aksello trekkjer fram inkubatorverksemda Nekst AS som eit døme, dei planlegg meir enn 100 nye arbeidsplassar i Solund, Askvoll og Flora.

Organisering

Inkubatorverksemda er det største forretningsområdet for Aksello, med ein inkubatorleiar samt nesten eit årsverk med forretningsutviklar. I tillegg vert det nytta eit eksternt rådgjevarkorps, som bistår inkubatorverksemdene og rapporterar til inkubatorleiar.

Siva er overordna ansvarleg for det nasjonale inkubatorprogrammet. På fylkesnivå har Aksello og Kunnskapsparken ein skriftlig samarbeidsavtale frå 2017 som sørger for eit felles inkubatortilbod i fylket.

Med den nye regioninndelinga tek Aksello sikte på enda sterkere samarbeid med aktørar i dagens Hordaland, spesielt inkubatoren BTO i Bergen. For idefangst er det eit spesielt godt samarbeid med Maritim Forening Sogn og Fjordane. Inkubatorbedriftene vert som oftast rettleia til andre finansielle partnere som Forskingsrådet og Innovasjon Norge, som det er tett samarbeid med.

Målgrupper

Målgruppene for inkubatortilbodet er innovative verksemder i heile Sogn og Fjordane, antan det er grunderverksemder som startar opp eller knoppskyting og forretningsmessig innovasjon frå etablert næringsliv.

Kostnadsplan

Tittel	2018	2019	2020	2021	2022	SUM
Administrasjon	1 400 000	1 400 000				2 800 000
Idefangst, nettverksaktivitetar, kompetanseheving,	1 200 000	1 300 000				2 500 000
Kontorfasilitetar	300 000	300 000				600 000
Rådgjeving	1 000 000	1 100 000				2 100 000
Sum kostnad	3 900 000	4 100 000				8 000 000

Finansieringsplan

Tittel	2018	2019	2020	2021	2022	SUM
Aksello sine eigarar	415 000	500 000				915 000
Eigenandel inkubatorverksemdene	500 000	500 000				1 000 000
Innvilga støtte fylkeskommunen (2017)	385 000					385 000
Innvilga støtte IN, innov. klynge (2017)	400 000					400 000
PetroFlora	200 000					200 000
Siva, innovasjonsstøtte til SMB, art. 28	1 200 000	1 200 000				2 400 000
Siva, støtte til innovasjonsklynger, art. 27	300 000	300 000				600 000
Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane	200 000	500 000				700 000
Tilskot til nærings- og samfunnsutvikling 2018	300 000	1 100 000				1 400 000
Sum finansiering	3 900 000	4 100 000				8 000 000

Aksello fekk 900 000 kr. frå fylkeskommunen i tilskot for 2017 og 2018. Aksello seier det står att 385 000 kr. for bruk i 2018. Dette forklarar summen i linje 3, samstundes vert det søkt om ytterlegare finansiering for 2018 no. Dette går fram i nest siste linja.

11.3 Vurdering

Generelt om inkubatorar

Søknad om tilskot for 2018

Hovudutvalet har handsama denne søknaden før. Det blei då gitt avslag med grunngjeving i at fylkeskommunen tidlegare hadde gitt tilskot til inkubatararbeidet i 2018. Dette er framleis gjeldane og fylkesdirektøren meiner søknaden ikkje kan støttast. Sidan sist søknad har også mesteparten av årets aktivitet blitt gjennomført, og det strid mot retningslinene for verkemiddelbruk å gje tilskot i etterkant til eventuelle underskot. Ut frå budsjettet i førre søknad skulle hovudtyngda av finansieringa frå fylkeskommunen nyttast i 2018. Søkjar må planlegge aktiviteten ut frå dei totale tilskota dei har fått.

Søknad om tilskot for 2019

Det er naturleg at Aksello som ein av SIVA-inkubatorane i fylket får støtte for 2019. Men avsett finansiering til inkubatorane ligg inne i budsjett 2019 og tenesteområde 7015 nyskaping, saman med andre tiltak som skal styrke det offentlege si evne som tilretteleggar, arenabyggjar og den gode hjelpar slik at gode tiltak får den hjelpa som dei treng. Inkubatorane supplerer fylkeskommunen, kommunane og Innovasjon Norge sitt arbeid innan fagfeltet. Sjølv om ein kanskje kunne vurdert tildeling med atterhald i budsjettvedtak, ynskjer fylkesdirektøren å vente med å tildele midlar til budsjettet for 2019 er vedtatt. Fleire andre moment talar også for å utsetje handsaminga.

Det er fint at søknad vert sendt tidleg. Vi ynskjer at finansieringa skal kome i orden tidleg på året, og legg opp til å handsame ei slik sak i første kvartal. Vi ynskjer å sikre finansiering av begge inkubatormiljøa i fylket i same sak, og vurdere tilskot samla. Inkubatormiljøa er i same SIVA-ordning og samarbeider seg i mellom, så det er naturleg å gjere ein del felles vurderingar. SIVA har i 2018 revidert tilskotsmodellane for inkubatorprogrammet. Gjennom denne revideringa fekk Kunnskapsparken auka tilskotsnivå frå SIVA, medan Aksello har det sama nivået som tidlegare. Det er naturleg å vurdere om endra tilskotsmodellar frå SIVA påverka tildelinga vår til inkubatorane eller ikkje.

Vi er også i ein dialog om inkubatorfinansieringa med SIVA som ikkje er ferdigstilt. Dette gjeld mellom anna felles vurdering av kostnadsgrunnlag før tildelinga av støtte som må gjerast i tråd med statsstøttearbeidet. Det er også avtala ei samråding med Innovasjon Norge om næringsmiljø og klyngjer. Begge desse prosessane ynskjer vi å gjennomføre før ei tildeling.

Inkubatortilbodet har tidlegare (før 2017) i stor grad vore finansiert frå INU-midlar. I sak tidlegare i år fekk kunnskapsparken tildelt midlar som er noko lågare enn tidlegare. Grunngevinga var at inkubatoren må tilpasse seg dei nye finansielle realitetane, ved at tilskota gradvis vert justert. Dette er enno ein grunn for ei samla vurdering i 2019.

11.4 Konklusjon

Fylkesdirektøren rår til å avslå søknaden frå Aksello om tilskot for 2018, då dei tidlegare har fått avslag på søknad om ytterlegare midlar i 2018, og hovudtyngda av aktiviteten i søknaden allereie er gjennomført.

Fylkesdirektøren rår til å ikkje ta stilling til søknaden for 2019 no, men handsame tildeling til begge inkubatormiljøa i fylket i ei felles sak på nyåret.

12. Program for vekst i etablert næringsliv – kysten av Sogn og Fjordane

(Sakshandsamar: Kristin Arnestad)

12.1 Bakgrunn

Søknaden

Aksello søker om til saman 865 000 kr. til eit program for vekst i etablert næringsliv. Dette kjem i tillegg til 200 000 kr. som hovudutvalet løyvde i april i år.

Historikk

Aksello har fleire gonger tidlegare gjennomført SMB-utviklingsprogram.

Aksello søkte i mars 2018 om tilskot til gjennomføring av seks ulike prosjekt som skal bidra til nyskaping og innovasjon i næringslivet i fylket. Eitt av desse var kalla knoppskyting i etablert næringsliv. Det vart då opplyst om at totale konstnader var 1,8 mill. kr., og fylkeskommunen blei søkt om 600 000 kr., i søknaden var denne summen delt på tre år med 200 000 kr. for kvart av åra 2018, 2019 og 2020- Det vart opplyst om at dei deltakande bedriftene ville betale inn ein eigendel på 30%. I denne første søknaden låg ikkje prosjektplanen føre slik den gjer no, og det var noko avgrensa informasjon som var gitt om prosjektet, både med tanke på innhald og detaljert budsjett.

I saksvurderinga frå HNK 23/2018 i april sa vi at dette prosjektet var meir i tråd med prioriteringane i verdiskapingsplanen enn ein del av dei andre omsøkte prosjekta. Hovudutvalet støtta prosjektet med 200 000 kr. noko som tilsvara det første året i programmet. I saksvurderinga uttrykte vi forståing for at Aksello ynskjer ei meir føreseieleg og langsiktig finansiering av aktiviteten, men med tanke på eigen budsjettsituasjon i fylkeskommunen meinte vi at det ikkje var råd å innstille på langsiktige løyvingar.


12.2 Nærare omtale

Bakgrunn for søknaden

Aksello ynskjer å sikre at dei bedriftene som står ovanfor utfordringar, og som har evne, vilje og potensiale til vekst, skal få hjelp til å lykkast med sine satsingar og tiltak for å sikre framtidig verdiskaping i regionen. Aksello sin visjon er å skape og sikre arbeidsplassar gjennombedriftsetableringar og styking av etablert næringsliv. Aksello ynskjer å støtte verksemder som har nådd modnings- og vekstfasen.

Rammer, omfang og innhald

Programmet skal gjennomførast ein gong per år i tre år. Kvart år med minimum 10 deltakande bedrifter. Arbeidet med kvar enkelt bedrift kvart år kjem fram i modellen under. Bedriftene må sjølve stille tid til rådighet og delta aktivt i dei møte og arbeidet som skal gjennomførast.



Aktivitetar

- *HA1 Rekruttering*
Det blir lagt ut ein open invitasjon om å melde si interesse for å vere med, så blir det gjort eit utval av bedrifter. Målgruppa er etablerte bedrifter i alle kystkommunane i fylket. Det må vere vilje, evne og potensiale for vekst i bedrifta. Fokuset er bedrifter relatert til havbruk og energi, samt om leverer tjenester/varer der det skjer større endringar.
- *HA2 Analyse*
Det blir gjennomført intervju med bedrifta for å finne moglegheitsrom for utvikling. SWOT-analyse.
- *HA3 Strategiske tiltak*
Etter endt analyse ser ein moglege strategiske og langsiktige mål for å nå målsetjinga om auka vekst.
- *HA4 Modellering*
Her vert det skissert moglege økonomiske scenario for gjennomføring av tiltaka i bedrifta. Kva investeringar som må gjerast, og korleis dette skal finansierast.
- *HA5 Fellessamlingar*
Det vert lagt opp til to fellessamlingar som gjev bedriftene moglegheit til å dele erfaringar og om mogleg finne nye samarbeidspartar.

Mål

Prosjektet har mål om at minimum 10 bedrifter gjennomfører programmet kvart år i 3 år. Andre mål:

- Rekruttere dei rette bedriftene
- God gjennomføringsevne i høve prosjektplan
- Rett kompetanse for gjennomføring
- God forankring hos deltakande bedrifter
- Riktig finansiering for gjennomføring
- Plan for oppfølging
- Målbare resultat for deltakande bedrifter

Organisering

Aksello har prosjektansvarleg og prosjektleiar, PWC er ansvarleg for fagleg gjennomføring.

Kostnadsplan

Tittel	2018	2019	2020	2021	2022	SUM
HA1 Rekruttering		150 000	150 000	150 000		450 000
HA2 Analyse		250 000	250 000	250 000		750 000
HA3 Strategiske tiltak		150 000	150 000	150 000		450 000
HA4 Modellering		250 000	250 000	250 000		750 000
HA5 Fellessamlingar		150 000	150 000	150 000		450 000
Planlegging	200 000					200 000
Sum kostnad	200 000	950 000	950 000	950 000		3 050 000

Finansieringsplan

Tittel	2018	2019	2020	2021	2022	SUM
Eigenandel deltakande bedrifter		95 000	95 000	95 000		285 000
Sparebanken Vest		250 000	300 000	300 000		850 000
Sparebankstiftinga Sogn og Fj.	100 000	215 000	255 000	280 000		850 000
Tidlegare tilskot frå fylkeskomm.	100 000	100 000				200 000
Tilskot til nærings- og samfunnsutvikling 2018		290 000	300 000	275 000		865 000
Sum finansiering	200 000	950 000	950 000	950 000		3 050 000

Tidlegare tilskot frå fylkeskommunen er 200 000 kr. som Aksello fekk i april i år gjennom HNK 23/2018. Ny søknadssum er linja under.

Endringar frå sist søknad

Aksello har tidlegare fått tilskot til dette prosjektet. Då saka var handsama i april var tidsperioden 2018 til 2020, totalbudsjett 1 800 000 kr. og søknadssum til fylkeskommunen 600 000 kr. Eigendel frå bedriftene var opplyst å vere 30%.

I noverande søknad er tidsperioden 2018-2021, totalbudsjettet er 3 050 000 kr. og total finansiering frå fylkeskommunen er 1 065 000 kr. (200 000 kr. frå sist vedtak, og 865 000 kr. omsøkt no). Eigendelen frå bedriftene er vel 9%.

Vi har bede Aksello om informasjon om kva desse endringane skuldast. Dei svarar at dei har starta detaljplanlegginga saman med PwC og funne ut at prosjektet blir betre med nokre justeringar. Implementeringsfasen etter planleggingsperioden er forlenga frå 2 til 3 år. Planen er at første pulje startar i januar 2019. Forlenginga påverkar totalbudsjettet. Det er også sendt justert søknad til Sparebankstiftinga og Sparebank Vest.

Når det gjeld spørsmål om eigendeler har vi fått dette svaret:

Eigenandelen er redusert, som del av totalbudsjettet. Dette er eit resultat av fleire høve:

- *Totalbudsjettet er auka*
- *Dei 30% var tenkt som 30% av rådgjevingskostnaden, ikkje totalkostnaden*
- *Timane som dei deltakande verksemdene må legge ned i prosjektet er ikkje inkludert, verken i budsjettet eller finansieringsplanen. Dette vil vere eit monaleg bidrag.*
- *Våre eigne, og ikkje minst PwC sine, røymsler frå tilsvarande prosjekt peikte mot eit meir avgrensa krav til kontantandel frå dei deltakande verksemdene for å unngå at det skulle bli ein for høg inngangsterskel.*

12.3 Vurdering

Hovudutvalet har handsama prosjektet tidlegare, og gitt eit tilskot på 200 000 kr. så seint som i april 2018. Prosjektinformasjon var då litt annleis enn den er no, mellom anna med tanke på budsjett og finansiering, og det var lagt fram meir avgrensa informasjon om prosjektet enn det er gjort no.

I førre søknad var det lagt opp til ei finansiering frå fylkeskommunen på 200 000 kr. i tre år. Ut frå dei vurderingane vi gjorde i april støtta vi det første året av programmet. Sjølv om budsjettet no er auka, og søkjar seier at implementeringsfasen er utvida frå 2 til 3 år meiner vi det ikkje påverkar saka. Basert på dei opplysningane vi hadde i april med søknad om flat finansiering i tre år, var vi i den tru at programmet skulle gjennomførast tre gonger og at vi støtta det første året. Vi meiner difor at Aksello har fått tilskot for det første året, og at dei må tilpasse programmet innanfor dei rammene som er gitt – eller vurdere å ikkje gjennomføre programmet.

Når det er sagt meiner vi at ei finansiering på 200 000 kr. frå fylkeskommunen for eitt års gjennomføring er eit tak for det vi bør gå inn med. SMB er eit velprøvd program som er gjennomført fleire gonger i regionen. Fylkeskommunen bør prioritere innsatsen der den gir størst effekt og mot prosjekt i utviklingsfasen og med stor overføringsverdi i form av å representere noko nytt. Fylkesdirektøren rår difor til å ikkje nytte meir ressursar på dette no. Dersom prosjektgjennomføringa i første år er vellukka kan Aksello heller søkje på nytt, og vi vil då vurdere om det er aktuelt å gje ytterlegare tilskot.

SMB-program vert i dag finansiert av Innovasjon Norge i omstillingsområda og er eit velprøvd verktøy. Innovasjon Norge støttar ikkje SMB-program utover omstillingsområda. Programmet kan bety mykje for dei bedriftene som er med, men er kostnadskrevjande. Vi bør diskutere om det er slike prosjekt fylkeskommunen skal støtte når vi truleg må tilpasse oss trongare rammer. Verkemiddelbruk blir også eit viktig tema i samanslåingsprosessen med Hordaland.

Finansiering av slike prosjekt vil også vere ei naturleg del av den ei avtala samråding administrasjonen skal ha med Innovasjon om næringsmiljø og klyngjer.

12.4 Konklusjon

Fylkesdirektøren rår til å avslå søknaden. Aksello har tidlegare fått støtte til gjennomføring av første året i programmet. Vi rår ikkje til å gje støtte utover dette. Eventuelt vidare støtte må vurderast ut eventuell ny søknad med resultat frå første gjennomføring, samt i lys av ei vurdering av verkemiddelpolitikken framover.

13. Tildeling av midlar i Marint Verdiskapingsfond 2018

(Sakshandsamar: Lena Søderholm)

13.1 Bakgrunn

Marint verdiskapingsfond Sogn og Fjordane gjennomførte for sjette året ei utlysing av fondsmidlar. Søknadsfrist var 21. september 2018. Ved fristens utløp var det registrert ein søknad gjennom regionalforvaltning.no.

Marint verdiskapingsfond Sogn og Fjordane (MVF) vart etablert i 2010 på grunnlag av midlar frå konsesjonstildelinga for laks i 2009, og hadde si første tildeling i 2012. Etter vilkåra i fondet skal det gjennomførast årlege tildelingar av midlar frå fondet. Fondet har egne vedtekter.

13.2 Vurderingar

Sidan 2015 har det vore få søknadar i samband utlysinga. Vi har då gjennomført inntil to utlysingar i året. Låg interesse kan vere fordi vi ikkje får publisitet nok om fondet (vi legg ordninga ut på fylkeskommunen sine heimesider under «Tilskot», ei veke der fondet ligg framme på hovudsida til fylkeskommunen og elles utsending gjennom e-post til kontaktnetta våre) og at næringa har mange fleire finansieringsordningar som overlappar i sitt virkeområde.

Fondet har ein restkapital på kr. 5,2 mill. før denne utlysinga.

Om søknaden

Lialaks AS i Solund søker om kr. 600 000 til delfinansiering av eit forprosjekt på lukka anlegg i sjø. Totalsummen er 1,1 mill. og beløpet utgjør 55 % av totalsummen. Prosjektet skal gjennomførast i 2018-2019.

Forprosjektet skal kartlegge potensialet for ei utviding ved Lialaks AS, med ei overordna målsetjing om å auke produksjonen, sysselsetjinga og verdiskapinga. Ein ønskjer å ta i bruk ny teknologi for å kunne produsere smolt, postsmolt og matfisk ved ein kombinasjon av drift på land og eit anlegg på sjø i nær tilknytning til anlegget på land.

Lialaks AS har i dag løyve til ein produksjon av 600.000 stk. setjefisk, og er definert som eit lite setjefiskanlegg. Anlegget er no kjøpt opp av Eide Fjordbruk AS som har eit ønske om å auke produksjonen og å bygge om anlegget frå eit gjennomstrømningsanlegg til eit resirkuleringsanlegg. Dei vil vurdere å etablere deler av produksjonen i produksjonseiningar i sjø utanfor det landbaserte settefiskanlegget.

Forprosjektet skal gje svar på i kva grad ei slik løysing vil vere eit betre val enn å gjennomføre tradisjonell utbygging av anlegget på land, og vurdere kva teknologi- og materialval som kan vere avgjerande for suksess. Ønsket er å bygge eit anlegg som vil fungere som pilotanlegg, og gje ny kunnskap til næringa.

Vurdering av søknaden

Søknaden var i utgangspunktet noko uklår på kva dei faktisk ville oppnå gjennom forprosjektet. Dette vart meir tydeleg etter eit møte med søkjar 01.10.18. Vi fekk også nærare presiseringar gjennom brev datert 02.10.18. Ein vil jobbe i tre hovudbolkar: vurdering av eksisterande anlegg, vurdering av potensialet på land og vurdering av potensialet på sjø. Vi finn at utviklingsgraden er størst i dei to siste bolkane, sett i samanheng med fondet sine vilkår der ein skal bidra til berekraftige og nyskapande løysingar som på sikt kan kome heile næringa til gode. Summane her er budsjettet til kr. 500 000. Sluttrapporten utgjør den største kostnaden i forprosjektet (kr. 350 000). Vi finn denne høg i høve til dei vurderingane som skal leverast og foreslår difor å redusere vår stønad også i denne budsjettposten. Fondet bør maksimalt støtte 50 % av totalkostnadene i forprosjektet.

For tida er det mange interessante utviklingsprosjekt i oppdrettsnæringa. Ordninga med utviklingskonsesjonar har bidrege til dette. Søkjarane har søkt om dette, men har i konkurranse med mange andre fått avslag. For fylkeskommunen er det viktig å bidra til at vidareutvikling av marine næringar også kan gå føre seg i oppdrettskommunen Solund. Det omsøkte konseptet kan til fulle utnytte den godt skjerma lokaliteten til utprøving av ny teknologi.

Vi er såleis positive til å delfinansiere forprosjektet, men med lågare sum enn omsøkt.

13.3 Konklusjon

Sogn og Fjordane fylkeskommunen kan delfinansiere forprosjektet med kr. 400 000 henta frå Marint Verdiskapingsfond. Søkjar må kome tilbake med ein forprosjektplan og budsjett som er tilpassa denne summen. Vi tek også atterhald om at søknaden må vurderast opp mot statsstøtteregelverket. Fylkesdirektøren frå fullmakt til å følgje opp saka.

14. Oppfølging av Melding om kystskogbruket 2018-2021

(Sakshandsamar: Kristin Arnestad)

14.1 Bakgrunn og historikk

Søknaden

Kystskogbruket søker om 375 000 kr. som skal gå til siste del av prosjektperioden av prosjektet Oppfølging av melding om kystskogbruket. Sogn og Fjordane fylkeskommune har tidlegare gitt tilskot til første del av prosjektet.

Kystskogbruket er eit fylkeskommunalt samarbeid som jobbar for at potensialet i skogbruket langs kysten skal realiserast. Alle kystfylka frå Finnmark i Nord til Aust - Agder i sør er med i dette

samarbeidet. Kystskogbruket er eit samarbeid mellom fylkesmennene, fylkeskommunane og næringsorganisasjonen Skognæringa Kyst. Det er Trøndelag fylkeskommune som står som søkjar på vegne av Kystskogbruket.

Historikk

Fylkestinget i Sogn og Fjordane gjorde endeleg vedtak om å slutte seg til « Melding for kystskogbruket » i sak 20/15 i møte den 16.06.15. Det vart vidare vedteke at fylkeskommunen vil følgje opp Kystskogmeldinga i samarbeid med dei andre deltakande fylkeskommunane.

Kystskogbruket søkte i 2016 om kr 600 000 til prosjektet som skulle følgje opp meldinga om kystskogbruket i åra 2016-2020. Hovudutvalet for næring og kultur gjorde i sak 75/16 vedtak om å støtte Kystskogbruket med 225 000 kr. for åra 2016 og 2017. I vurderinga av søknaden sa vi at det var ei naturleg oppfølging av å slutte seg til meldinga, å følgje opp med tilskot. Men vi såg det som økonomisk utfordrande å støtte for heile prosjektperioden, fylkesdirektøren innstilte difor på å gje støtte for 2016 og 2017 til å byrje med og at søkjar kunne søke om støtte for resten av prosjektperioden seinare. Fylkeskommunen skulle då ta stilling til om vi skal delta vidare.

Dei andre fylkeskommunane har gitt tilskot ut heile prosjektperioden, eitt fylke gir årlege tilskot.

Det har tatt tid å kome i gang med prosjektet. Skifte i dagleg leiar og i staben i Skognæringa kyst har gjort det vanskeleg å halde planlagt framdrift. Det blei hausten 2018 søkt om å forlengje prosjektet ut 2021. Vi har administrativt godkjent forlenginga for den delen av prosjektet vi allereie har gitt tilskot til 20. juni 2019.

Fylkeskommunen har også tidlegare støtta Kystskogbruket økonomisk.

14.2 Nærare omtale

Prosjektet er etablert for å følgje opp Melding om kystskogbruket frå 2015. Oppfølgingsarbeidet var planlagt som eit fireårig samarbeidsprosjekt frå 2016 til 2020, retta mot skog og trenæringa langs kysten. No er prosjektet forlenga til ut 2021. Ti fylkeskommunar står saman om oppfølgingsarbeidet. I tillegg til fylkeskommunane legg skognæringa ned eigne ressursar som matchar den fylkeskommunale andelen, i å følgje opp Kystskogmeldinga. Både Kystskognæringa Kyst og dei fylkesvise skognæringsforumane deltek aktivt i arbeidet. Fylkesmennene bidreg med faglege råd og tek utviklingsansvar i kraft av sin rolle i det regionale partnerskapet. Der det er naturleg vil andre aktørar bli invitert.

Prosjekt mål

Prosjekt målet er meldinga sitt hovudmål, delmål, strategiar og prioriterte anbefalingar. I det vidare arbeidet med å følgje opp meldinga vert det utarbeidd ein plan for oppfølging av dei prioriterte anbefalingane. For det fylkeskommunale arbeidet vert dette kalla fylkeskommunalt oppfølgingsprosjekt (FKO).

Hovudmål

- Verdiskapinga i Kystskogbruket skal firedoblast fram til 2045.
- Kystskogen sitt karbonlager skal auke og trevirke skal i aukande grad erstatte mindre klimavennlege material og energikjelder.

Delmål

1. Kystskogen sitt produksjonspotensial og skogressursar skal utnyttast. Det skal sikrast auka skogproduksjon og råstofforsyning på kort og lang sikt.
2. Auka bruk av tre og produkt av tre. Marknaden skal ha eit tilbod av konkurransedyktige produkt av fornybare materiale med eit positivt CO2 – avtrykk
3. Rammevilkårs om gjev konkurransekraft for heile verdikjeda
4. Auka vidareutvikling og innovasjon i verdikjedene
5. Bidra til å utvikle ein nasjonal skogeigarpolitikk
6. Etablere og avsette til klimaskogar 1 million dekar med ein opptrapping til 5 millionar dekar i løpet av dei kommande 50 år

Fylkeskommunalt oppfølgingsprosjekt (FKO)

Fylkeskommunalt oppfølgingsprosjekt konkretisar det vidare arbeidet i oppfølging av

Kystskogmeldinga 2015. Felles oppfølging bidreg til at fylkeskommunane saman tek rolla som utviklingsaktør innan skog- og trenæringa.

Arbeidsmåtar

- Politisk samarbeid med nasjonale styresmakter

FKO følgjer opp skogpolitiske spørsmål i meldinga. Skog- og tresatsinga er ei nasjonal satsing. Om ein skal nå måla må Kystskogmeldinga bidra med meir skog på dei mest produktive areala. Skogen langs kysten blir no etter kvart hogstmoden og gjev eit godt grunnlag for auka uttak av fornybart, klimariktig råstoff til auka verdiskaping. Det er eit fylkeskommunalt ansvar at nasjonal skogpolitikk og satsing treff kystskogbruket sine utfordringar og potensiale.

- Fellesfylkeskommunal jobbing – fylkeskommunen som regional utviklingsaktør

Fylkeskommunane har ansvar for regional utvikling. Det inneber også ansvar for regional utvikling av skognæringa. I samarbeid med det regionale partnerskapet utarbeidet fylkeskommune regionale næringsstrategiar. Kystskogmeldinga er ein av fylkeskommunane sine næringsstrategiar.

- Fylkeskommunen som forvaltning- og tenesteaktør

Fylkeskommunane har ei rekkje ansvarsområde som omhandlar skognæringa i større eller mindre grad. Eksempel på slike ansvarsområde er:

- transporttenester og fylkesveggar: her tek meldinga føre seg anbefalte prioriteringar når det gjeld flaskehalsar på offentleg vegnett, samt innkjøpsstrategiar ved bestilling av transporttenester som bidreg til lav klima- og miljøpåverknad
- vidaregåande opplæring : samarbeid med skognæringa er viktig for å møte behov for kompetanse i næringa
- byggeigar- og forvaltarar: fylkeskommunen er pålagt ved lov å ta omsyn til livssykluskostnadar og miljømessige konsekvensar ved innkjøp jfr. Lov om anskaffelser
- Innkjøp: fylkeskommunen har eigen innkjøpsseksjon som har ansvar for rammeavtalar på forbruksvarer og tenestekjøp og hjelpe fylkeskommunen sine verksemder og samarbeid med kommunar i innkjøpsprosessar.

Organisering og samarbeidspartnarar

Trøndelag fylkeskommune har sagt seg villig til å ta eit særleg ansvar for å huse og ivareta oppfølginga av det fylkeskommunale kystskogarbeidet gjennom FKO. Det er inngått ein samarbeidsavtale mellom FKO og Skognæringa Kyst om oppfølgingsarbeidet.

Meldinga vert følgd opp i nært samarbeid med aktørane som deltek i Kystskogsamarbeidet.

Fylkeskommunane har vidare oppnemnt kvar sin politiske representant i styringsgruppa.

Representant frå Sogn og Fjordane er Erlend Haugen Herstad. Det er også etablert eit administrativt nettverk mellom fylkeskommunane.

Deltakar i nettverka er også sentrale kontaktar for skognæringa i fylka. Skognæringa Kyst og fylkesmennene si faglege styringsgruppe samarbeidar om å følgje opp Melding om kystskogbruket.

Aktivitetar

Prosjektleiing- verdikjede og nettverk

Kystskogbruket er ein del av fylkeskommunen sitt ansvar og FKO er ein viktig del av eit regionalt partnerskap i fylket

Infrastruktur

Kystskogområda har lav skogsbilvegsdekning pr. arealeining i forhold til skogstrøka. Skogbilvegar sikrar tilgang til skogressursane og har stor innverknad på kostnadar ved hogst og framkøyring av tømmer. Tilstreккеleg skogbilvegdekning er viktig for å utnytte og auke kapasiteten i driftsapparatet. Det er behov for ein ekstraordinær satsing på infrastruktur, både i skogen, og frå skogen til industri: skogbilvegar, utbetring av flaskehalsar på vegnettet, tømmerkaier og terminalar.

Skog og klima

Skogen i Norge fangar rundt halvparten av dei totale nasjonale CO2 utsleppa som er på ca. 50 mill. tonn. Planmessig klimaskogsatsing på kysten står fram som eit kostnadseffektivt tiltak som vi kan

gjennomføre innlands for å binde CO2 frå atmosfæren. Planting av skog på gjengroingsareal er eit godt «føre-var-tiltak». Kystskogbruket si anbefaling er at 5 mill. dekar av attgroingsareal langs kysten vert nytta til klimaskog dei kommande 50 år.

FOU, innovasjon og trebruk

Kysten har historisk sett hatt stor verdiskaping. I dag er det også store utviklingsmiljø lokalisert i regionen. For skognæringa vil desse miljøa vere viktig i arbeidet med utvikling. Samtidig er den aukande merksemda rundt bioøkonomi og det grønne skiftet positivt for skognæringa, ei næring basert på fornybare ressursar med mulegheiter som gjev godt miljø og vinst for klimaet. Med unntak av Trøndelagsregionen er skogbruket ungt og umodent langs kysten. Dette skuldast at den omfattande nasjonale satsinga på oppbygging av ressursar på 50- talet og fram til 90- talet fyrst no byrjar å gje mulegheiter for utvikling i større skala. Dette gjev eit stort potensiale for verdiskaping knytt skog langs heile kysten.

Resultat og effektar

Følgjande er nokre eksempel på kva ein har oppnådd med etablering av Kystskogbruket så langt:

- Etablering av skognæringsforum i alle fylka som bidreg til
 - Klyngelogikk(«aktivt arbeid i lag»)
 - Nettverksbygging/klyngeutvikling (kultur for samarbeid)
 - Kunnskapsutvikling, informasjon og -formidling
 - Fremme næringspolitikk, påverke politiske- og forvaltningsmessige forhold
- Infrastruktur: Statleg støtte på ca. 100 mill. kr til tømmerkaier, av dette har ca. 50 mill. kr har gått til kystskogfylka. I tillegg utløyser dette midlar frå andre offentlege aktørar og næringa sjølv. Utbygging av tømmerkaier gjev store innsparingar i transportkostnadar.
- Statlig støtte til skogsvegar: På statsbudsjettet i 2013 var dette på totalt 79 mill. kr I 2015 er denne støtta på 121 mill. kr over halvparten av dette går til kystskogfylka.
- Pilotprosjekt - skog klima: Prosjekt finansiert med 15 mill. kr frå Klima- og miljødepartementet for 2015. Prosjektet har fokus på planting av skog på nye areal som klimatiltak.
- Trebruk- og utviklingsprogram – Arena for klyngesatsing og innovasjon i Trøndelag

Skog- og trenæringa i kystskogbruket har eit økonomisk omsetningspotensiale på ca. 60 mrd. kr per år dersom vi legg SKOG22 sine føresetnadar til grunn. Dette er ein firedobling frå nivået i 2011 på 15,9 mrd. kr, som er verdiskapinga eksklusive ringverknadar.

Skognæringa i kystskogfylka skapte produksjonsverdiar for 20,7 mrd. kr i 2011, dette er inkludert ringverknadar. Verdiskapinga har vore varierende dei siste åra, men kystskogindustrien har hatt betre utvikling enn landet elles. Kystskogbruket sin del av norsk produksjon og sysselsetning har vore aukande over tid.

Kystskogbruket sitt arbeid er også viktig med tanke på det grønne skiftet gjennom binding av CO2.

Budsjett og finansiering

Kostnadsplanen er den same som då første søknad blei sendt, men er forskyvd med år grunne forseinkingar i prosjektet. Prosjektet vert avslutta ved utgangen av 2021. Det er heller ikkje sett opp ny finansieringsplan då Sogn og Fjordane førebels berre har støtta dei første åra.

Kostnadsplan

Kostnadsplan						
Tittel	2018	2019	2020	2021	2022	SUM
FoU, innovasjon og trebruk	337 500	675 000	675 000	675 000	337 500	2 700 000
Infrastruktursatsing	37 500	75 000	75 000	75 000	37 500	300 000
Prosjektledelse og nettverk	225 000	450 000	450 000	450 000	225 000	1 800 000
Skog og Klima	150 000	300 000	300 000	300 000	150 000	1 200 000
Sum kostnad	750 000	1 500 000	1 500 000	1 500 000	750 000	6 000 000

Finansieringsplan

Tittel	2018	2019	2020	2021	2022	SUM
Finmark fylkeskommune	75 000	150 000	150 000	150 000	75 000	600 000
Hordaland fylkeskommune	75 000	150 000	150 000	150 000	75 000	600 000
Hordaland fylkeskommune	75 000	150 000	150 000	150 000	75 000	600 000
Nordland fylkeskommune	75 000	150 000	150 000	150 000	75 000	600 000
Nord-Trøndelag fylkeskommune	75 000	150 000	150 000	150 000	75 000	600 000
Rogaland fylkeskommune	75 000	150 000	150 000	150 000	75 000	600 000
Sogn og Fjordane fylkeskommune	75 000	150 000	150 000	150 000	75 000	600 000
Sør-Trøndelag fylkeskommune	75 000	150 000	150 000	150 000	75 000	600 000
Troms fylkeskommune	75 000	150 000	150 000	150 000	75 000	600 000
Vest-Agder fylkeskommune	75 000	150 000	150 000	150 000	75 000	600 000
Sum finansiering	750 000	1 500 000	1 500 000	1 500 000	750 000	6 000 000

14.3 Vurdering

Skogen i Sogn og Fjordane er i vekst, og i åra framover er det store kvantum som vert hogstmodne. Det er difor viktig å auke hogsten i Sogn og Fjordane slik at vi får utnytta desse ressursane før dei går tapt. Samstundes må det stimulerast til nyplanting og skjøtsel slik at ressursane vert fornya for komande generasjonar og samstundes vere eit klimaverktøy ved å binde CO₂. Fylkestinget har tidlegare sagt at vi bør bidra til å nå desse måla ved å vere med vidare i kystskogbruket saman med dei andre kystfylka.

Samarbeidet om kystskogbruket gjer det lettare for Sogn og Fjordane fylkeskommune å spele ei rolle som regional utviklar for skogbruksnæringa i Sogn og Fjordane. Åleine er vi ein liten aktør, men kysten samla kan bli ein maktfaktor. Samarbeid effektiviserer utviklingsarbeidet, og gjer kystskogbruket til ei meir synleg næring overfor sentrale styresmakter.

Prosjektet er forsinka grunna utskifting av nøkkelpersonar, men i har tru på at det no skal kome i rute att. Det er mellom anna tilsett ein Kystskog-tredivar. Når vi støtta dei to første åra sa vi at vi ville ta stilling til om vi skulle delta vidare ved neste søknad. Vi har tru på prosjektet, og dei andre fylka har gått inn med støtte for heile prosjektperioden – også Hordaland. Vi meiner difor det er naturleg at Sogn og Fjordane også fullfinansierer vår del av prosjektet no. Vi føreset at det vert utarbeida nytt budsjett- og finansieringsplan, og blir lagt ein oppdatert plan for arbeidet.

14.4 Konklusjon

Søknaden frå Kystskogbruket vert støtta med 375 000 kr for å dekkje fylkeskommunen si deltaking i prosjektet for dei to siste åra.

15. Finansiering av løyvingssaker

(Sakshandsamar: Kristin Arnestad)

Det er noko restmidlar på plan og næring sitt budsjett for 2018, då særleg innan områda nyskaping og kunnskap. Sjølv om ikkje alle dei tilrådde søknadane er innanfor fagområda der det er restmidlar rår vi til å omdisponere midlane for å nytte årets budsjett.

For nokre av søknadane har vi berre høve til å nytte driftsmidlar, så vi må gjere tilpassingar også ut frå det.

Innan reiseliv er det sett av søknadsbaserte midlar til NCE Tourism, og her står det att 150 000 kr. som vi ikkje har fått søknad på. Vi rår difor til å omdisponere desse midlane til Norges Høyfjellsskole.

Midlane til HNK sin disposisjon skal gå til særlege tiltak og prosjekt med utviklingspotensiale. Midlane vart i hovudsak fordelt i første halvdel av budsjettåret i samband med tildeling av kulturmidlar. Det står att 130 000 kr. som kan nyttast i denne saka.

Vi viser til finansieringsløyningar i tilrådinga og rår til at fylkesdirektøren får fullmakt til å finne praktiske løyningar innanfor dei rammene som vert vedtekne av hovudutvalet i denne saka.

16. Disponering restmidlar frå INU

(Sakshandsamar: Kristin Arnestad)

16.1 Bakgrunn

På grunn av renter og tilbakeførte midlar er det no ein del restmidlar frå INU-ordninga, som vi legg opp til at hovudutvalet disponerer i denne saka.

16.2 Historikk og føringar

Frå 2007-2017 hadde fylket ei foreining med eit styre samansett av politikarar og personar frå næringslivet i dei tre kommunane Førde, Sogndal og Florø som forvalta overføringar frå staten som kompensasjon for bortfall av differensiert arbeidsgjevaravgift i dei tre kommunane. Denne foreininga hadde forkortinga INU – FSF.

I samband med statsbudsjettet for 2017 vart den statlege kompensasjonsordninga avvika. Fylkestinget vedtok avvikling av INU-ordninga i sak 19/17. I samband med avviklinga tildelte fylkestinget nokre restmidlar og gjorde mellom anna også følgjande vedtak:

Midlar utover dette skal (renteinntekter og tilbakeførte midlar) jmf. årsmøtevedtak i hovudsak prioriterast til tettstadutvikling i dei tre kommunane.

Hovudutvalet for næring og kultur får fullmakt til å disponere eventuelle restmidlar.

16.3 Disponible midlar og vurdering

Per 1. november 2018 er det 1 960 917 kr. i restmidlar frå ordninga. Midlane skriv seg frå renteinntekter og tilbakeførte tilskot. Hovudsakleg er dette prosjekt som er blitt gjennomført i noko mindre omfang enn planlagt, og ikkje tilbakeføring av heile tilskota.

I tråd med vedtaket frå fylkestinget rår vi til at størstedelen av midlane vert sett av til tettstadutvikling. Fylkeskommunen fekk i mange år midlar til reiselivssatsing frå INU-midlane som fylkesdirektøren for næring og kultur hadde administrativ fullmakt på. 250 000 kr. av restmidlane skriv seg frå reiselivstilskot tildelt av fylkesdirektøren. Vi legg difor opp til at desse midlane vert sett av til reiselivsføremål.

I dei åra INU-FSF eksisterte fekk næringsseksjonen kompensert for arbeidet med sakshandsaming, oppfølging av tilskot og økonomiarbeid. Næringsseksjonen har ikkje hatt slik kompensasjon i 2018. Ved inngangen til 2018 hadde vi tilskot for nær 50 mill. kr. å følgje opp. Vi legg opp til å setje av ein sum til oppfølging av tilskot og økonomioppfølging. Vi får då følgjande framlegg til fordeling:

Reiseliv	250 000
Oppfølging av tilskot	200 000
Tettstadutvikling	1 510 917

Totalt **1 960 917**

Det er framleis fleire tilskot der rapporteringsfristane er litt fram i tid. Det vil også kome renteinntekter frå midlane. Det vil difor bli meir disponible midlar i framtida, men nivået er ikkje kjent.

16.4 Konklusjon

Fylkesdirektøren rår til å setje av restmidlar frå INU-ordninga slik:

Reiseliv	250 000
Oppfølging av tilskot	200 000
Tettstadutvikling	1 510 917
Totalt	1 960 917

Fylkesrådmannen får fullmakt til å tildele midlar til tettstadutvikling. Tettstadmidlane skal gå til prosjekt i kommunane Flora, Sogndal og Førde og tildelast etter søknad. Fylkesrådmannen får også fullmakt til å disponere 250 000 kr. til reiselivssatsing, samt 200 000 kr. til oppfølging av tilskot.

17. Fullmakter på restmidlar

(Sakshandsamar: Kristin Arnestad)

17.1 Bakgrunn

For regionale utviklingsmidlar frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet som næringssektoren forvaltar er det høve til å overføre unyttta midlar ved årslutt til seinare bruk. Dei midlane innan næring og kultur som er fylkeskommunale driftsmidlar skal nyttast i det aktuelle budsjettåret. Det vil seie at unyttta driftsmidlar ved årslutt vert trekt attende, og kan ikkje lenger disponerast av sektoren.

17.2 Nærare omtal og vurdering

I samband med årsavslutninga vert alle budsjettpostar gått gjennom, og det er då nokre gonger mindre summar med driftsmidlar att på nokre av budsjettpostane. Fylkesrådmannen ber hermed om fullmakt til å disponere desse restmidlane.

17.3 Konklusjon

Fylkesrådmannen får fullmakt til å disponere resterande driftsmidlar på næring og kultur sitt budsjett for 2018.